# 2017

Årsmelding // Det Norske Teatret




DET NORSKE TEATRET

# INNHALD


3 Kunstnarlege aktivitetar
8 Nøkkeltal
13 Avdelingar og fagområde
32 Publikumsbesøk
36 Målpolitisk råd
37 Venner av Det Norske Teatret
40 Teateråret
51 Andre arrangement
54 Styrets årsmelding
60 Resultatrekneskap
61 Balanse
72 Kontantstraumoppstilling
73 Melding frå revisor
76 Tilsette





**Ansvarleg utgjevar** Det Norske Teatret, Erik Ulfsby **Redaktør** Ida Michaelsen
**I redaksjonen** Åsne Dahl Torp **Framsidefoto** Fredrik Arff **Trykk** 07 Media

# Makalaust!

Av og til speler tilfeldigheitene inn. Ei songstrofe i årets store musikalsensasjon *The Book of Mormon* flaut ikkje som ho skulle i munnen på ein av hovudrolleinnehavarane. Ei aldri så lita språkleg utfordring altså, og så var årets mest brukte ord inne i teksten. Makalaust skulle vise seg å slå an – ikkje berre internt – men også hos publikum. Emneknaggen MAKALAUST skulle bli den mest nytta i teater-Noreg i 2017 og har vore dekkande for aktiviteten gjennom heile året.

For det har vore eit makalaust år! 2017 har vist seg å gå inn i historia som eit einestående år på mange plan. Ikkje berre har Det Norske Teatret hatt rekordhøg publikumstilstrøyming, vi har aldri hatt høgare inntekter eller spelt fleire framsyningar fordelt på eit rekordhøgt tal med titlar.



ERIK ULFSBY
teatersjef



*Skinande, glitrande og i lær! Dei nye gudane er kjendisane, hevda Robert Wilson og gav dei norrøne gudane i Edda stilen til overklassen og rockestjernene av i dag. I eit halvt år sydde kostymeavdelinga kreasjonar av lær, paljettar, farga pytonslangar, krokodilleskinn og skum. Her eit nærbilde av Loke i Eivin Nilsen Salthes tolking.*

# #makalaust

*Emneknaggen makalaust skulle bli den mest nytta i teater-Noreg i 2017 og har vore dekkande for aktiviteten gjennom heile året.*

267 297 besøkte framsyningane og arrangementa på Det Norske Teatret i 2017. Det er meir enn 40 000 fleire enn det førre toppåret 1992. Innteninga ligg på 75 millionar, av desse er 58,2 millionar billettinntekter. Tala vitnar om eit teater i medvind og om eit teater med sjølvtillit. Men mest av alt vitnar dei om at vi når ut til eit stadig større publikum og at vi har eit repertoar som mange finn attraktivt. Av dei 267 297 var det 55 375 som løyste billett til *The Book of Mormon.* Det gler oss at meir enn 210 000 fann vegen til alt det andre vi hadde å by på. På grunn av dei mange produksjonane har vi hatt uvanleg mange tilsette på Det Norske Teatret i året som gjekk og har dermed også sikra arbeidsplassar for kunstnarar og fagfolk som til vanleg ikkje er fast knytte til institusjonen. Det gler oss også, og understrekar at vi er eit teater i vekst.

**Eit musikalsk oppspark**

Dette makelause året begynte med eit smell. Framsyninga *Kan nokon gripe inn*, basert på Stein Torleif Bjellas eigenarta tekstar vekte stor begeistring. I Lasse Kolsruds dramatisering og regi på Hovudscenen opna skodespelarar og musikarar desse songane på ein ny måte for eit stort publikum. Over 24.000 såg framsyninga på DNT gjennom heile året, og i tillegg fekk vi til ein turne i godt samarbeid med Riksteatret. Sjølvsagt med turnepremiere på Ål, heimplassen til den folkekjære visesongaren!

**Norrøn mytologi møter amerikansk avantgarde**

Deretter handla våren på Hovudscenen veldig mykje om *Edda*. Det amerikanske regi-ikonet Robert Wilson var tilbake på Det Norske Teatret, og med eit stort og kompetent lag gav han seg i kast med Jon Fosses gjendikting av *Edda*-dikta. På sin særeigne måte trylla Wilson igjen fram bilde og augnebinkar som vil bli med mange av oss heile livet. Eit enormt arbeid for store delar av huset vårt viste nok ein gong kva for fantastiske fagmenneske vi har hos oss. Alt frå verkstader til sceneavdelingar, lyd, lys, maske, kommunikasjon, dramaturg, skodespelarar og mange, mange fleire leverte arbeid som fylte heile huset og norsk teater med stoltheit. Svært fortent var det også at ensemblet i *Edda* vann ein Heddapris for særleg kunstnarisk innsats. Wilson blei også heidra for beste visuelle design. På hausten tok vi med denne mektige framsyninga til Århus, europeisk kulturhovudstad 2017. Ei heil veke spelte vi der for fulle hus og fekk nok ein gong kjenne på stoltheita over det nivået teateret held. Invitasjonar frå heile verda har strøymt inn, og framsyninga har verkelege vore med på å setje Det Norske Teatret på det internasjonale teaterkartet.

**Skolegarden og utanforskap**

I samarbeid med ei av dei viktigaste frie gruppene i landet, Goksøyr/Martens presenterte vi framsyninga *11 ÅR* i mai og fram mot sommaren. Inne på scenen kunne publikum sitje i stillas og sjå ein skolegard i fugleperspektiv. Ei sterk og mørk forteljing om utanforskap og ei jente som valde å ta sitt eige liv, vart klokt fortalt av fem sterke skodespelarar. Ein velfortent nominasjon som Årets beste forestilling under Heddaprisen vart det også, til liks med *Edda*.

**Smart religionskritikk**

Hausten vart ikkje mindre spektakulær. Først ut var *The Book of Mormon.* Og for ein kveld det vart! Salen kokte over av begeistring, og publikum fekk sjå eit ensemble som spruta av speleglede og energi. Are Kalvøs gjendikting, og regidebutant Vidar Magnussens boblande regi gav oss ei framsyning for historiebøkene. Dagane etter premieren braut billettsystemet saman. Vi selde tusenvis av billetter kvar einaste dag i mange veker, og framleis er etterspurnaden enorm. I tillegg

til å vere leiken og underhaldande er framsyninga også eit smart og gjennomtenkt bidrag i den viktige debatten om religionens plass i samfunnet. Ein debatt der Det Norske Teatret har vore med og levert fleire viktige framsyningar gjennom mange år. Kvar einaste kveld står det fredelege mormonarar utanfor teatret og deler ut Mormons bok under mottoet: Boka er betre! Om fleire kunne møte satire og kritikk på den måten, ville verda vore ein fredelegare stad.

## Det Norske Teatret

Det Norske Teatret har sidan starten i 1913 vakse fram som ein av dei viktigaste og mest særeigne teaterorganisasjonar i Norden.

Vi har som mål å vere eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søkjer for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Det Norske Teatret ligg sentralt i hovudstaden i eit moderne teaterbygg frå 1985 med 3 faste scenar.

Musikkteater for barn er blant dei aller viktigaste satsingane ved teateret. Gledeleg var det derfor at Maria Tryti Vennerød og Julian Skars nyskrivne *Snøkvit* slo så godt an. Eit enormt arbeid låg bak, og i ei spektakulær visuell ramme kunne eit stort ensemble bidra til ei moderne lesing av ei kjend forteljing om venleik, fasade, mot og opprør. Framsyninga trekte også eit stort publikum, og blei med oss over i 2018.

### Stort spenn på Scene 2

Scene 2 har gjennom mange år hatt eit stabilt og høgt besøk. Det har gjort oss enda meir frimodige i programmeringa. Veldig gledeleg er det å sjå at til og med på framsyningar som *Røff*, med fire korttekstar av Samuel Beckett, kjem det bra med folk. Det er tydeleg at folk har stor tillit til repertoaret, og at dei er nysgjerrige på kva vi gjer. I tillegg til ein sterk *Røff* i Beckett-eksperten Bjørn Sundquists regi, kunne publikum glede seg over å sjå seks av norsk teaters flotte veteranar i ei bearbeiding av ein forskingsrapport om erfaringane til eldre psykologar. At eit slikt utgangspunkt kan bli godt teater er ikkje sjølvsagt, men regissør Tyra Tønnesen fann vegen inn til både skodespelarar og seinare eit stort publikum med framsyninga *Overføring*. Det same gjorde Alan Lucien Øien med si sterke Noren-framsyning, *Som lauvet i Vallombrosa*, seinare på våren. Hausten opna med sjukdom i ensemblet, som dessverre medførte at vi måtte avlyse den planlagde *Skål for Dommedag*. Til gjengjeld fekk vi to flotte nye framsyningar med *Nashornet* av Eugene Ionesco og *Heisenberg* av Simon Stephens. Den sistnemnde står framleis på repertoaret med skodespelarane Marie Blokhus og Bjørn Floberg i storform. For dei aller minste viste vi *Drake-Zoo*, populært for gruppa 0-3 år. Forhåpentlegvis er det rekruttert nokre nye publikummarar der.

### Sterk kunstnarleg profil på Scene 3

Scene 3 set stadig nye rekordar. Så også i år. Med eit stort tilbod av nye og gamle framsyningar på repertoaret. Året baud på alt frå *Jakob og Neikob* for eit stort og ungt publikum, til kresne og intense *Herostratos* for eit lite, men begeistra kunstpublikum.

Denne scenen gir oss høve til å eksperimentere på mange ulike måtar, og den sjansen grip vi med glede kvart år. *Det har visst vore ein episode*, *åstaddikting*, *Det er Ales*, *Faens Nisse* og ei lang rad andre framsyningar er kjærkomne bidrag til den kunstnariske profilen og utviklinga ved teateret. Frå og med i år har vi også gitt oss sjølve sjansen til å styrke denne scenen endå meir, både med ein ekstra teknisk medarbeidar og fleire visuelle verkemiddel. Det gler vi oss til, samtidig som vi skal passe på å ta vare på den viktige og etter kvart godt etablerte eigenarten til Scene 3.

Bikuben har også sett ny rekord, med uvanleg mykje folk både på Lunsj og Lyrikk og Bikubekveld og bidrar dermed til å setje to strekar under ordet MAKALAUST om året vi har bak oss!

1 *Wilson lar Odin i Elvis-kostyme og med el-gitar bli heist opp i Yggdrasil.* 2 *Unni Walstads fargesterke, forførande og eventyrlege scenografi begeistra publikum på* Snøkvit. 3 *Med lyden direkte inn i øyra, sittande på stillas høgt over ein skolegard blei Goksøyr og Martens nære og vonde dokudrama* 11 ÅR *ei sterk og viktig framsyning på Hovudscenen.* 4 *Med* The Book of Mormon *fekk teateret ein av dei største suksessane gjennom tidene. Veka etter premieren blei om lag 25 000 billettar rivne vekk.*



2



1



3




4

# 2017 GAV OSS EI MENGD MAKELAUSE TAL. HER ER NOKRE AV DEI TEATERET ER MEST STOLT AV.

**1410**
framsyningar og andre arrangement.

**15,5**
millionar kroner i auka billettinntekter frå 2016

**473 899**
kroner blei gitt i teatergåve.

**38 586**
besøkande til andre arrangement på teateret (m.a. Bikubekveld, Lunsj og Lyrikk, Innsikt)

**58,2**
millionar kroner i billettinntekt.

**267**
tusen besøkande til framsyningar og andre arrangement.

**36,3%**
auke i billettinntekter frå 2016.

**13**
framsyningar var urframføringar.

**246 890 225**
kroner er samla inntekt i rekordåret 2017.




Omlegginga til repertoarteater i 2012 gitt teateret stabilt høge inntekter og besøk som gir oss fridom til å satse på smale prosjekt og påkosta satsingar på alle scenar.




Publikum
2012-2017




Billettinntekt
2012-2017

## Nøkkeltal for repertoaret 2015-2017

**PREMIERER**
2015 19
2016 16
2017 19

**TITLAR I SPEL**
2015 33
2016 29
2017 31

**URFRAMFØRINGAR**
2015 9
2016 8
2017 12

**FRAMSYNINGAR FOR BARN OG UNGE**
2015 2
2016 3
2017 4

**TURNE**
2015 5
2016 7
2017 10

**GJESTESPEL I TEATERET**
2015 5
2016 7
2017 10

## Nøkkeltal for andre arrangement 2015-2017

**BIKUBEKVELD**
2015 – 25 arrangement
2 332 besøk
2016 – 26 arrangement
2 226 besøk
2017 – 28 arrangement
3 404 besøk

**LUNSJ OG LYRIKK**
2015 – 152 arrangement
8 769 besøk
2016 – 123 arrangement
5 524 besøk
2017 – 132 arrangement
7 365 besøk

**INNSIKT**
2015 – 61 arrangement
7.360 besøk
2016 – 39 arrangement
5 679 besøk
2017 – 43 arrangement
5 533 besøk

**SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE UTANOM FRAMSYNINGANE**
2015 – 52 arrangement
4 303 besøk
2016 – 165 arrangement
14 244 besøk
2017 – 296 arrangement
22 284 besøk

**TOTALT**
2015 – 290 arrangement
22.764 besøk
2016 – 353 arrangement
27 673 besøk
2017 – 499 arrangement
38 586 besøk

## Samla aktivitet; framsyningar og andre arrangement

2015 1176
2016 1301
2017 1410

# Framsyningar 2017

## januar

Lesing:
3. januar
**Svikne dagar**

3. januar
**Songfuglen**
Scene 2

4. januar
**Påfuglen**
Hovudscenen

4. januar
**Fridomens vegar**
Scene 2

5. januar
**Inkognito**
Scene 3

10. januar
**Det merkelege som hende med hunden den natta**
Scene 3

**Urpremiere:**
13. januar
**Jakob og Neikob**
Scene 3

13. januar
**Abrahams barn**
Scene 2

**Urpremiere:**
14. januar
**Kan nokon gripe inn**
Hovudscenen

Lesing:
17. januar
**Sigd**
Scene 3

**Premiere:**
21. januar
**Røff**
Scene 2

21. januar
**Etterlyst: Jesus**
Hovudscenen

27. januar
**Kalvø**
Scene 2

## februar

**Noregspremiere:**
28. januar
**Det er Ales**
Scene 3

Lesing:
16. februar
**Alt inkludert**
Scene 3

**Urpremiere:**
22. februar
**Overføring**
Scene 2

**Urpremiere:**
25. februar
**åstaddiktning**
Scene 3

## mars

**Urpremiere:**
4. mars
**Edda**
Hovudscenen

3. mars
**Haugtussa**
Scene 3

14. mars
**Romeo og Julie**
Scene 2

**Premiere:**
25. mars
**Som lauvet i Vallombrosa**
Scene 2

## april

**Urpremiere:**
1. april
**Sju dagar i august**
Scene 3

**Urpremiere:**
6. april
**Drake-Zoo**
Scene 2

Lesing:
25. april
**Edda**
Scene 3

28. april
**Sorga kler Elektra**
Scene 2

## mai

**Premiere:**
23. mai
**11 år**
Hovudscenen

## juni

## juli

## august

**Noregspremiere:**
30. august
**Det har visst vore ein episode**
Scene 3

## september

**Noregspremiere:**
2. september
**The Book of Mormon**
Hovudscenen

13. september
**Abrahams barn**
Hovudscenen

## oktober

**Urpremiere:**
7. oktober
**Snøkvit**
Hovudscenen

**Urpremiere:**
11. oktober
**Herostratos**
Scene 3

**Premiere:**
14. oktober
**Nashornet**
Scene 2

19. oktober
**Kalvø**
Hovudscenen

## november

**Noregspremiere:**
3. november
**Heisenberg**
Scene 2

**Urpremiere:**
10. november
**Faens nisse!**

## desember

**Urpremiere:**
13. desember
**Valdens historie**
Scene 2




*Dyr er ofte å sjå på scenen. Verkstadene tilverka 15 nashornhovud til Ionescos Nashornet på Scene 2 etter innspel frå scenograf Mia Runningen.*

# Avdelingar og fagområde

Det Norske Teatret har fem fagområde; kunstnarleg, drift og administrasjon, plan og produksjon, teknisk og kommunikasjon. Teaterets øvste leiar er teatersjefen.




**49,8** *prosent kvinner.*
Tilsaman 112 kvinner.

**50,2** *prosent menn.*
Tilsaman 113 menn

# LIVET RUNDT SCENEN

Frå *Edda*, der Odin har samla gudane, i bakgrunnen vaker Volva. Robert Wilsons særeigne koreografi med stiliserte scenar er gjennomført visuell, symbolsk og estetisk. Publikum ser 10 skodespelarar i spel. ***Det dei ikkje ser, er at det rundt scenen er 35 andre i full sving for at dette scenebildet skal sjå så enkelt ut.***



*Kvart scenebilde er som eigne kunstverk. Lys, scenografi, rørsler, kostyme, maske og rekvisittar. For at alt skal stemme, er teaterrommet fylt av synlege og usynlege medarbeidarar, som alle er vesentlege for den totale opplevinga til publikum.*






*Tor Arne Vik-Haugen er elektroteknikar og her driv han vedlikehald på eitt av trekka på snorloftet over Hovudscenen.*

# DRIFT

## Driftsavdelinga har ansvaret for å drifte, forvalte og halde ved like heile bygningsmassen til Det Norske Teatret på ein forsvarleg måte, etter dei lover og reglar som gjeld på området.

Avdelinga omfattar funksjonar som vaktmeister, kantine og husøkonomi/reinhald. Avdelinga har også ansvaret for mellom anna HMT (helse, miljø og tryggleik) brannvern, el-tryggleik, IT- og teletenester, innkjøp av fast innreiing og kontorrekvisita, i tillegg til å ha ansvar for vatn, varme og sanitære forhold. Før sommaren var også resepsjonstenester underlagde avdelinga, men i 2017 blei resepsjonen flytta og inkludert i billettluka. Avdelinga omfattar per 31.12.2017 åtte tilsette i full stilling og åtte reinhaldarar i ulike stillingsprosentar. Somme er i ulike turnusordningar, medan andre er tilsette på fast dagtid.

**192**
*kunstgjenstandar av antikvarisk eller kulturhistorisk verdi blir tekne vare på og haldne ved like.*

Steingolvet
*i foajeen krev spesialmiddel og blir skura og bona kvar sommar.*

Messingpuss
*Før kvar premiere blir alle gelender i foajeen pussa skinande blanke.*

738
*nye stolar blei kjøpte inn og monterte i salen på Hovudscenen.*

# Uvanlege reinhaldsbehov

I tillegg til at alle vindauge mot gata og alle messingrekkverk blir pussa før kvar premiere, er det mange andre spesielle forhold knytte til kvar produksjon når det gjeld reinhald. I fjor hadde vi regnver, blodsøl, svart måling, leire, is, sand, glitter, konfetti og snø på scenen. Spesielt kritskribling på veggar og golv inneber ein stor jobb for reinhaldarane.




# Ny bar i foajeen

Driftsavdelinga har ein stor bygningsmasse å halde ved like, og det meste av dette arbeidet går føre seg om sommaren, medan huset og drifta elles står stille. I 2017 blei resepsjonen ved sceneinngangen riven for å gi plass til eit nytt møterom, og for å kunne tilby betre opningstider enn det ein resepsjon etter gammal modell kunne. Frå og med hausten 2017 er resepsjonen og billettluka open frå klokka åtte om morgonen til etter siste framsyning har starta.

Det blei også installert ein ny bar med tilhøyrande møblar over sommaren. I tillegg blei det gjennomført eit gigantisk oppussingsprosjekt på Hovudscenen, der alle stolane i salen blei bytte ut og golvet under rehabilitert. Til glede for publikum blei også Wifi i publikumsområda oppgradert. Den såkalla «Kongeheisen» blei bytt ut og det same blei delar av ventilasjonsanlegget. Himlingen i kantina i transportkorridoren og på ein del kontor blei pussa opp. Hussentralen, som er innbrotsalarmen for heile huset, blei skifta ut med det nyaste innanfor tryggleiksteknologi, og ein del våtrom blei pussa opp.

I 2017 starta også eit stort kartleggingsprosjekt for vedlikehald av fasaden i samråd med byantikvaren, som dette året sette Det Norske Teatret på gul verneliste. Vidare er det starta opp eit prosjekt for ombygging av billettluka/resepsjonsmodulen for å betre akustikken og ventilasjonstilhøva for dei tilsette, og for å kunne inkludere ein butikk.



# Sommar er ikkje ferietid

I tillegg til alle ekstraordinære vedlikehaldstiltak som blei gjennomførte sommaren 2017, gjekk det vanlege vedlikehaldet av bygningen sin gang. Scenegolv blei rubba og måla, foajeen og alle kontor og gangar blei skura og bona og vindauga pussa.

Gjennom året blir huset vaska og teke vare på kvar dag. Blomar blir vatna, og kvar teaterproduksjon blir gjennomgått med tanke på HMT (helse, miljø og tryggleik). Dersom det skal søkast om røyking på scenen, som tilfellet var med *Som lauvet i Vallombrosa*, er det Drift som har ansvaret for dette. Når det skal vere scenerøyk, må brannceller bli stengde av så ikkje brannvesenet rykker ut. Under *Edda*-framsyninga var det mykje bruk av scenerøyk, og ved eitt tilfelle blei det faktisk så mykje røyk i huset at alarmen gjekk, sjølv om alle forholdsreglar blei følgde. Under kvar einaste framsyning må det vere ansvarlege frå Drift til stades, i tilfelle noko hender som har med arbeidstilhøve eller tryggleik å gjere. Det er svært strenge krav til dette, i og med at vi har ansvar også for publikum.



# PRODUKSJON OG PLAN

## Avdelinga planlegg den kunstnarlege drifta ved teateret i tett samarbeid med mellom anna teatersjef, direktør, teknisk avdeling og kommunikasjonsavdeling.

Avdelinga har ansvar for at repertoardrifta blir gjennomført slik teatersjefen ønskjer, gjennom at alle teaterscenar er utnytta optimalt og at skodespelarlogistikken glir saumlaust. Produksjons- og planavdelinga er det interne navet som får alle tannhjula til å snurre. På mange vis er dette teaterets grå eminensar, som koordinerer teaterhuset. Dess mindre synleg avdelinga er, jo betre er jobben utført. Avdelinga kjem med framlegg til premieredatoar, fastset så prøve- og speleperiodar og bidrar til å optimalisere teaterdrifta.

**Samarbeid og kontraktar**

Avdelinga skriv kontraktar med gjestande teater og er sterkt



**Pertar**

I september var forrådet av pertar i ferd med å gå tomt. Produksjon- og planavdelinga såg seg tvinga til å etterlyse gamle teiknestiftar hos publikum. Det kom ei mengd nye pertar inn og meisterhjernane våre kunne halde fram med å planlegge teaterets repertoardrift både digitalt og analogt. Frå venstre: Knut Jarle Hvitmyhr, Silje Vigerust Vinjar og Lars Sindre Moen Lauritzen.

involvert i kontraktar med samarbeidspartnarar. Dei er også administrativt ansvarlege for turnear og gjestespel som Det Norske Teatret reiser ut med. Alle kontraktar med kunstnarleg personale som ikkje er fast tilsett blir skrivne i avdelinga. Avdelinga har administrativt ansvar for Lunsj & Lyrikk og Bikubekveld. Inspisientar representerer den administrative leiinga for produksjonane frå innkalling til prøvestart til siste framsyning. Produksjonsmedarbeidarar/sufflørar utfører produksjonsrelatert arbeid med særleg ansvar for suffli og manus.

**Perterommet**

I ein kvardag der all kommunikasjon og planlegging skjer digitalt, er det likevel eit analogt logistikkverktøy som er uvurderleg i planlegginga av teateråret og som informasjonskjelde til ulike grupper på huset. I sjette høgda ligg det såkalla perterommet som på eit heilt særeige vis gir eit visuelt bilde av aktiviteten på huset. På to av veggane heng ei tidslinje med oversyn over dei ulike scenane. Dette er ein detaljert kalender med oversikt over datoane to år framover i tid. Kvar aktivitet blir visualisert gjennom ein pert, altså ein teiknestift, med ulik farge og form alt etter kva for aktivitet og produksjon perten skal visualisere. Dette har synt seg å vere ein særs god metode for planlegging og er trass si kuriøse form ein viktig reiskap for heile teateret.

**Timewise**

Teaterets digitale planleggingsverktøy, Timewise, er heilt avgjerande for at teateret kan få til eit såpass stramt repertoarspel som vi ønskjer. Informasjonen frå Timewise blir delt på intranettsidene.



*Anders Wittusen er ein av to smedar tilsett ved metallverkstaden. Dei har eit særleg ansvar for at scene-konstruksjonane er solide.*



*Modellen til scenograf Gjermund Andresen viser korleis* The Book of Mormon *skal sjå ut på scenen. Verkstadene, her ved snikkar Siri Hundvin, må samarbeide for å finne løysingar som kan verkeleggjere dei kunstnarlege visjonane. Under er scenograf Unni Walstads tidlege skisser til* Snøkvit.

# TEKNISK

## Teknisk avdeling består av alle framsynings-relaterte fagfelt på teknisk side.

Avdelinga har tre verkstader: snikkarverkstad med metallverkstad/smie, målarsal med rekvisittmakeri og kostymeavdeling. I tillegg rår teknisk avdeling over fem framsyningsrelaterte avdelingar: sceneavdeling, lysavdeling, lydavdeling, rekvisittavdeling og maskeavdeling.

Når ei framsyning er bestemt frå teatersjefen, kjem produksjonen til teknisk sjef og teknisk kontor. Dei har ansvaret for å planlegge kommande framsyningar og sørger for at dei blir gjennomførte. Teknisk sjef set budsjett for scenografi, rekvisittar og kostyme for produksjonen.

Etter innleiande møte for å finne ei kunstnarleg, praktisk og økonomisk realistisk løysing, blir det laga ein ferdig scenografimodell. Deretter blir konsept og kunstnarleg løysing presentert for alle dei ulike fagavdelingane. Så er det opp til dei ulike verkstadene å realisere den tekniske løysinga.

Der det trengst, lagar teknisk kontor arbeidsteikningar til konstruksjonen, slik at vi er sikre på at det blir berekraft nok, og tryggleikstiltak blir ivaretekne. Ved ein gitt dato blir scenografien montert på scenen, og det blir halde kostyme- og maskeprøver. Etter premieren er ulike avdelingar involverte under sjølve avviklinga av framsyninga både framføre, på og bak scenen.





# Omfattande scenografi

Kvar produksjon er unik og har sine spesielle utfordringar. Men nokre er større og meir spesielle enn andre, som barneframsyninga *Snøkvit* og musikalen *The Book of Mormon* med mange sceneskift og store og detaljerte sceneelement. Men aller mest krevjande var Robert Wilsons versjon av *Edda*. Denne produksjonen kravde at alle avdelingar ytte sitt ytste, og enda litt til. Wilson krev også eit enormt presisjonsnivå, og hadde med seg eit uvanleg stort kunstnarleg lag. Også Unni Walstads scenografi til *Snøkvit* stilte store krav til det tekniske, men òg til kostyme- og maskeavdelingane. Store valmuar, løyndomsfulle trer, pudderparykkar, dronningas enorme kjolestativ – Walstads velkjente eventyrmagi fekk Hovudscenen til å framstå som ei krysning av eit fargesterkt fantasilandskap og ei skummel underverd. Her fekk verkstadene ved teateret verkeleg noko å bryne seg på.

## Sceneavdelinga

Sceneavdelinga er den største avdelinga på huset, og tel 21 tilsette med særs brei yrkes- og fagbakgrunn. Her jobbar folk med skodespelarbakgrunn, tømrarar, ein møbelsnikkar, ein med fortid som DJ, ein vegarbeidar, ein TV-reparatør, ein lærar og ein ingeniør i tillegg til folk med erfaring med saum og ymse rigg. Sceneavdelinga monterer sceneelementa når dei er ferdigstilte frå verkstadene, og riggar kvar dag opp og ned ulike framsyningsscenografiar for prøvar og framsyningar på dei tre scenane våre. Det er også sceneavdelinga som er ansvarleg for røyk- og pyroeffektar, når dette er ein del av framsyninga. Det er ikkje uvanleg at det blir prøvd på ei framsyning om dagen, og deretter spelt både ei, to og av og til tre framsyningar på same scene kvar dag.

## Kostyme-avdelinga

Her er det i alt ti tilsette som jobbar med å realisere visjonane til kostymedesignaren. I 2017 blei det for eksempel laga dressar, lekre kjolar, monster og doughnuts. Dei tilsette har bakgrunn frå kjole og drakt, som kostymesyarar og frå herreskreddarfaget. Dei kan alt frå å lage hattar til sko, og dei patinerer og fargar kostyma. I tillegg er det fire faste påkledarar som er ansvarlege for alt som skjer bak scenen under framsyningar og prøver, som oftast i svært høgt tempo.



## Maskeavdelinga

Maskeavdelinga skal skape den sminka som kostyme- eller maskedesignaren ser for seg vil passe, eller dei kjem sjølve med forslag til løysingar. Dette inneber ofte mykje testing. Under speleperioden hjelper dei skodespelarane med å legge sminke, i tillegg til at det somme tider går føre seg kjappe skift av parykk og sminke på sidescenen under sjølve framsyninga. Dei 11 som jobbar her, er utdanna som maskørar, parykkmakarar, frisørar eller make-up-artistar. Dei fleste parykkane blir også tilverka på huset, og det tek om lag to veker for ein tilsett å knyte ein parykk.

# Lysavdelinga

Lysavdelinga tel 17 tilsette, inkludert to som jobbar med film og video knytt til produksjonane. Mange i avdelinga har utdanning frå det som før heitte Norsk Institutt for Scene og Studio (NISS), i tillegg til at andre har bakgrunn som elektrikar. Det er også tilsette med erfaring som fotograf, formgivar, teknisk teiknar og økonom. Lysavdelinga jobbar med lysdesignaren til kvar einskild produksjon. Å setje lys er som å måle med fargar frå eit målarskrin på scenen, og er med på å understreke stemninga i dei ulike scenebilda. *Edda*-framsyninga var ei særs stor utfordring for denne avdelinga, fordi regissøren Robert Wilson er ein utsøkt estetikar med spesiell interesse for lys.



*Kvar framsyning av* Edda *nytta 300 000 watt. På Hovudscenen heng det rundt 500 lyskastarar i taket.*

# Målarsalen og rekvisittmakeriet

Målarsalen tek imot alt av scenografi og dekor når det er ferdig på snikkar- og metallverkstaden. Her jobbar folk med brei bakgrunn innanfor design- og kunstfag frå både yrkesskole og kunsthøgskole/akademi. Nokre er spesialutdanna innan dekorasjonsmåling, og alle har brei erfaring frå ulike arbeidsplassar på sitt felt. Fleire har også eigen kunstproduksjon ved sida av jobben på teateret. Totalt er det seks fast tilsette, inkludert ein rekvisittmakar.

DET BLEI TILVERKA **15 NASHORNHOVUD** OG **15 KATTEHOVUD**



*Spekkhoggaren i* The Book of Mormon *tok ein månad å lage, og han er på scenen i mindre enn eitt minutt.*



# Lydavdelinga

Lydavdelinga tel sju tilsette og jobbar med både lydavvikling og lyddesign i tilknyting til prøver og framsyningar. Alle har brei erfaring frå konsert og teater, og dei fleste har utdanning frå Norsk Lydskole eller NISS. Nokre har også elektroutdanning, medan ein av dei tilsette har tittel «Tonemeister» frå Russland.

# SNIKKAR- OG METALL-VERKSTADEN

Dei som jobbar her, er møbelsnikkarar, tømrarar, ein platearbeidar i tillegg til ein sveisar som har kunsthøgskoleutdanning. I alt er det sju tilsette som syter for at reisverket til all scenografi blir til.

KG

27 000

materiale blei bestilt. Kvar tilsett løfta rundt **108 tonn.**

DET BLEI LAGA **15 ISFJELL** OG **9 VULKANAR** TIL EDDA.



*Ein buktande reptil på 15 meter, som skulle sno seg over scenen, synge og sprute røyk, ha lysande auge og glinsande ytre. Frå nokre enkle strekar på eit ark skulle Didrik Strand, Ole Jacob Børretzen og Finn Kirkeby (bildet) skape ein uvanleg slange til* Edda.



*Den syngande slangen – som under framsyning blei fjernstyrt av to personar.*

# Rekvisittavdelinga

Rekvisittavdelinga tel fem tilsette som har ansvaret for å skaffe og halde styr på alt av lausøyre som blir nytta i prøveperioden og under speling av framsyningane. Nokre av dei som jobbar her, har formell utdanning innan film og/eller teater med scenografi og rekvisittar som spesialområde. Til saman har dei fem 129 års erfaring innan både film- og teaterproduksjon, der 114 av desse åra er ved Det Norske Teatret.


1


2


3


4

## Visste du at ...

*1 Det tok omlag 650 timar å lage parykkane til Edda. 2 Skodespelarane til Edda nytta 4320 timar i sminkestolen. 3 Tubax er eit sjeldan instrument som det berre finnast sju av i verda. Nils Jansen eig eitt av desse. 4 Rundt 950 kvite skjorter blei vaska og strokne til misjonærane. 5 Det raude monsteret i The Book of Mormon er fire meter høgt, og det tok 14 dagar for fire personar å lage det. 6 Det må mange folk til for å få kostyme og sminke på Gygra i Edda. 7 I 2017 blei det berre røykt under ei framsyning, etter dispensasjon frå Arbeidstilsynet. 8 Misjonærane i The Book of Mormon har brukt opp 32 liter hårspray.*


5


6


7



8



# KUNSTNARLEG

## Kunstnarleg avdeling, med teatersjef Erik Ulfsby i spissen, har ansvaret for kjerneverksemda til teateret – nemleg den kunstnarlege planlegginga og gjennomføringa av teaterframsyningane.

Repertoarplanlegginga blir gjort i tett samspel mellom teatersjef og dei fem tilsette i dramaturgiatet, men den endelege avgjerda om kva stykke vi skal setje opp med kva for kunstnarleg lag, blir teken av teatersjefen.

Kunstnarleg avdeling har også ansvar for at det er god språkføring i teaterframsyningane, i tillegg til å fylle den fjerde scenen vår, Bikuben, med innhald. Programmering av Bikuben blir gjort av Bikube-ansvarleg i samråd med teatersjefen.

Den største avdelinga er skodespelarensemblet. I 2017 fekk to nye skodespelarar tilbod om fast tilsetjing – og takka ja: Ingeborg Sundrehagen Raustøl og Geir Kvarme er solide tilskot til det faste ensemblet. Teatersjefen fekk også fornya tillit frå styret og vil halde fram som teatersjef til 2025. Forlenginga gir Ulfsby ein god planleggingshorisont, og dermed det nødvendige handlingsrommet til å setje nye prosjekt ut i livet.

Erik Ulfsby har også ein lysdesignar, ein instruktør og ein koreograf tilsette på åremål, i tillegg til at det er to fast tilsette scenografar, ein musikksjef og ein musikar frå tidlegare. Dette inneber at dei kan ha ansvaret for fleire produksjonar enn dei elles ville hatt, i tillegg til at ein får ein betre horisont og kan utvikle kunstnarlege idear eller prosjekt over tid.

### KUNSTNARLEG SAMARBEID

Det Norske Teatret ønskjer å nå ut i landet og over landegrensene. I 2017 var for eksempel *Edda* på turné til København i samarbeid med Århus Teater og Aarhus 2017, europeisk kulturhovudstad dette året. Vi har også fleire samarbeidsprosjekt med teater i utlandet gjennom teaternettverket ETC, European Theatre Convention. Her i landet samarbeider vi mellom anna med det samiske nasjonalteateret Beaivváš, i tillegg til Hordaland Teater og Kilden Teater og Konserthus. I år var vi også med på å starte Hedda-festivalen i lag med alle teater i Noreg. Det blei ein vellykka festival med framsyningar frå heile landet som blei viste i Oslo for første gong. Sist, men ikkje minst, blei også Den Unge Scenen – DUS-festivalen – arrangert på nytt i 2017, med mange unge talent på scenane våre tre dagar til endes.

### TEATERUTDANNING

Det Multinorske er Det Norske Teatrets eiga teaterutdanning for



*Det Norske Teatret fekk tre Heddaprisar for produksjonar som såg dagens lys i 2017. Men aller mest stas var det kanskje at heile* Edda*-ensemblet fekk Heddaprisen for Særleg kunstnerisk innsats.*

skodespelarspirer med bakgrunn utanfor Europa, og blir driven i samarbeid med Nord Universitet. Kullet i 2017 byrja hausten 2015 og går ut våren 2018. I 2017 har studentane i tillegg til fast timeplan mellom anna hatt filmkurs, og dei har hatt visingar av stykke av Kelly, Fosse, Shakespeare og Lygre.

Dei har også vore med i teateret sine eigne produksjonar. Tre av dei var med i familiemusikalen *Snøkvit*, og tre var med i musikalen *The Book of Mormon*.



*I 2017 hadde kunstnarleg avdeling **90** årsverk. Av desse var **59** skodespelarar og **31** andre kunstnarlege tilsette.*

# KOMMUNIKASJON

## Avdelinga er som eit lite mediehus i teaterhuset.

I tillegg til omfattande mediekontakt har avdelinga ansvaret for sals- og marknadsaktivitetar knytte til kvar einskild produksjon, for strategiske samarbeidspartnarar, sponsorar og store næringslivskundar og for drift av eige billettsystem. Kommunikasjonsavdelinga har i tillegg ansvaret for formidlingsaktivitetar, publikumsservice, for billettluka og omvisingar, og frå sommaren 2017 overtok avdelinga ansvaret for resepsjonen. Drift av nettsidene, visuell profil, dokumentasjon, filmproduksjon, podcastar og alle sosiale plattformer der Det Norske Teatret er representert ligg til avdelinga, som har 11 tilsette.

### Inntekter

I tillegg til ei rekordhøgt billettsal, har teateret auka den totale inntening a gjennom andre arrangement. 6,4 mill kroner kjem som direkte resultat av eit uvanleg aktivt år i kommunikasjonsavdelinga med meir enn 120 foaje- og utleigearrangement som har trekt 20 000 besøkande. Store konferansar og arrangement gir dessutan Løve Restaurant og Bar god omsetning.

### Mediekontakt og innhaldsproduksjon

Kommunikasjonsavdelinga arbeider for å bygge omdømmet til scenekunstinstitusjonen og dei som frontar teateret. I tillegg til mediehandtering, er avdelinga aktiv i research-arbeid og gir råd og produserer tekst og presentasjonar for teaterleiinga. I 2017 blei det publisert 2709 artiklar (2377 i 2016) om teateret. I tillegg var teateret ofte omtalt i radio og fjernsyn. Det Norske Teatrets nyheitsrom blei i 2017 nominert til MyNewsDesk PR Award i kategorien for Store bedrifter i konkurranse med Telenor og Matprat. Avdelinga har redaktøransvaret for alle teaterprogram og repertoarmagasinet Bakteppet som kjem to gonger årleg, og for årsmeldinga.

### Premierefestar

Kommunikasjonsavdelinga nyttar event som del av marknadskommunikasjonen. Dette har m. a. resultert i ei rekke spesielle premierefestar. Den første kom da Stein Torleif Bjella debuterte på teaterscenen med *Kan nokon gripe inn*. Med *Edda* fekk festen eit internasjonalt preg da gjestar frå heile verda blei flogen inn for høvet. Her sat celebritetar frå den internasjonale kunstarenaen side om side med teknikarar og premierepublikum for å feire Wilsons versjon av vårt norrøne diktverk. Likeins inviterte vi til ein makalaus bakgardsfest da haustsesongen starta med *The Book of Mormon*. Dette var ein einestående premierefest og nett som framsyninga blei det ein stor snakkis. På tampen av året blei Edouard Louis' omtalte roman *Valdens historie* dramatisert for Scene 2. Vi inviterte forfattaren til eit bokbad i Bikuben, strøyma sjølvsagt hendinga og inviterte publikum med på festen etter teppefall.

### Andre arrangement

Med store lokale midt i Oslo er Det Norske Teatret ein attraktiv arena for utleige. Det er mange aktørar som leiger seg inn kvart år, blant desse er Statoil og Nasjonalforeningen for folkehelse. I 2017 la Venstre valvaka si til Det Norske Teatret og i november var teateret vertskap for Kulturrådets konferanse om urbefolkning og samisk kultur.

### Eigne kanalar

Kommunikasjonsavdelinga har ansvar for innhald og presentasjon i eigne kanalar. Nettstaden detnorsketeatret.no er navet i formidlinga vår og om lag 70 % av billettsalet skjer over nett. Vi driftar eige billettsystem og bruker store ressursar for å ha ein brukarvennleg nettstad. Facebooksida veks i popularitet og har over 55 000 følgjarar. Også på kanalar som Instagram og Snapchat veks følgjartala. Vi produserer video til eigne kanalar som saman med strømming av arrangement har vore viktig for den virale spreiinga. Det Norske Teatret var tidleg ute med ei satsing på podcast. Denne er under utvikling etter eit variert utval av podcastar i 2017.

### Internasjonalt skolesamarbeid

I 2017 var avdelinga med i eit internasjonalt pedagogisk samarbeid der ungdom i Nederland, Tyskland, Italia, Belgia og Noreg tok opp tema som radikalisering, sosial urett, tilhøyrsle og kva det vil seie å vere ung i 2017. Prosjektet var initiert av European Theatre Convention (ETC). I Noreg samarbeidde vi med Den Kulturelle Skolesekken Akershus.

### Møt det norske teatret

For andre år på rad var Det Norske Teatret med i tilbodet «Møt ...» gjennom Den Kulturelle Skolesekken Oslo, der alle 6. klassar i Oslo-skolen får besøke ein kulturinstitusjon. I løpet av 2017 besøkte over 2000 6.-klassingar Det Norske Teatret, fekk omvising på huset og ein teaterverkstad og mange fekk oppleve framsyninga Snøkvit på Hovudscenen som ein del av dette tilbodet.

### Billettfond for skole

I 2017 oppretta avdelinga eit billettfond med støtte av OBOS. I dette billettfondet kunne lærarar på austlandet søke billettar til Snøkvit for klassen sin hausten 2017. Hensikten med dette tilbodet var å sørge for at flest mogleg barn og unge skulle få oppleve teater utan at økonomi skulle vere eit hinder. Billettfondet var ein stor suksess, med mange søkarar.

### Formidling for skole

«Kvifor nynorsk» og «Teaterverkstad» er eit tilbod til skole vi har hatt i fleire år, og som framleis er etterspurd. Vi utarbeider studiemateriell til relevante framsyningar for skole, for å

*Kommunikasjonsavdelinga skal nå publikum der dei er; på mobilen, på t-banen, i teaterhuset, på nett eller når dei følgjer med i media. Innhaldet er tilpassa mange ulike plattformer.*





















aktualisere teaterbesøket og knytte det opp til relevante mål i lærarplanar. Vi organiserer uformelle møte med regissørar, scenografar og skodespelarar i samband med framsyningane.

### Omvising og utstilling

Omvising på teateret er ein populær del av det faste tilbodet til publikum. På berre 2 år har vi dobla talet på opne omvisingar. Som ein del av opptrapping av omvisingsverksemd, har vi i løpet av 2017 utvikla utstillingar, i publikumsområde og inne i huset.

### Innsikt

Til fleire framsyningar inviterer vi til introduksjonar for publikum. Målet er å utvide kulturopplevinga med nye perspektiv og fagleg innhald, og å løfte fram samfunnsaktuelle og utdjupande vinklingar til stykka. Desse arrangementa er gratis og opne for alle.

# PREMIEREFEST I BAKGÅRDEN






Premierefesten etter ***The Book of Mormon*** blei ein stor snakkis, og SoMe gjekk varmt denne kvelden i gledesrusen over det publikummet fekk ta del i.

***I veka etter premieren selde teateret 25 000 billettar til The Book of Mormon.***

| OPPSETJING | PREMIERE | FRAMS. | SUM BILL | BILL/FRAMS | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|---|---|
| **HOVUDSCENEN** | | | | | |
| Abrahams barn | 09.09.11 | 3 | 468 | 156 | 153 705 |
| Kalvø | 31.10.14 | 4 | 1 108 | 277 | 316 155 |
| Etterlyst: Jesus | 27.08.16 | 32 | 14 812 | 463 | 6 634 290 |
| Påfuglen | 19.11.16 | 5 | 1 607 | 321 | 348 205 |
| Kan nokon gripe inn | 14.01.17 | 48 | 22 895 | 477 | 9 498 355 |
| Edda | 04.03.17 | 31 | 12 657 | 408 | 3 345 690 |
| 11 ÅR | 23.05.17 | 17 | 1 486 | 87 | 315 360 |
| The Book of Mormon | 02.09.17 | 72 | 53 010 | 736 | 23 804 370 |
| Snøkvit | 15.10.16 | 37 | 17 986 | 486 | 3 849 260 |
| Generalprøvar/prøveframs. | | 16 | 6 223 | | 308 900 |
| **SUM HOVUDSCENEN** | | **265** | **132 252** | | **48 574 290** |
| **SCENE 2** | | | | | |
| Abrahams barn | 09.09.11 | 10 | 1 756 | 176 | 543 905 |
| Sorga kler Elektra | 28.04.12 | 4 | 480 | 120 | 76 400 |
| Kalvø | 31.10.14 | 10 | 1 872 | 187 | 612 105 |
| Romeo og Julie | 05.03.16 | 25 | 4 152 | 166 | 717 260 |
| Fridomens vegar | 08.10.16 | 3 | 272 | 91 | 58 580 |
| Songfuglen | 26.08.16 | 10 | 1 507 | 151 | 283 750 |
| Røff | 21.01.17 | 15 | 1 765 | 118 | 333 185 |
| Overføring | 22.02.17 | 41 | 7 178 | 175 | 2 215 215 |
| Som lauvet i Vallombrosa | 25.03.17 | 16 | 2 430 | 152 | 477 585 |
| Drake-Zoo | 06.04.17 | 27 | 1 148 | 43 | 75 650 |
| Nashornet | 14.10.17 | 19 | 1 864 | 98 | 383 045 |
| Heisenberg | 03.11.17 | 9 | 1 472 | 164 | 343 200 |
| Valdens historie | 13.12.17 | 7 | 801 | 114 | 107 345 |
| Generalprøvar/prøveframs./prøvar | | 28 | 2 066 | | 55 350 |
| **SUM SCENE 2** | | **224** | **28 763** | | **6 282 575** |
| **SCENE 3** | | | | | |
| Haugtussa | 14.01.13 | 12 | 1 158 | 97 | 236 045 |
| Det merkelege som hende... | 13.03.14 | 17 | 1 887 | 111 | 385 705 |
| Inkognito | 29.10.16 | 15 | 1 152 | 77 | 180 935 |
| Lesing | | 9 | 302 | 34 | 25 100 |
| Jakob og Neikob | 13.01.17 | 41 | 4 064 | 99 | 462 170 |
| Det er Ales | 28.01.17 | 16 | 1 051 | 66 | 179 865 |
| åstaddikting | 25.02.17 | 12 | 384 | 32 | 34 960 |
| Sju dagar i august | 06.04.17 | 10 | 624 | 62 | 86 620 |
| Det har visst vore ein episode | 31.08.16 | 20 | 823 | 41 | 114 870 |
| Herostratos | 11.10.17 | 12 | 526 | 44 | 51 685 |
| Faens nisse! | 10.11.17 | 21 | 1 572 | 75 | 287 205 |
| Det Multinorske studentvisingar | | 13 | 585 | | - |
| Generalprøvar/prøveframs. | | 14 | 936 | | 15 800 |
| **SUM SCENE 3** | | **212** | **15 064** | | **2 060 960** |

| OPPSETJING | FRAMS. | SUM BILL | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|
| **BIKUBEN** | | | |
| Bikubekveld | 28 | 3 404 | 283 500 |
| Lunsj & Lyrikk | 132 | 7 364 | |
| Innsikt | 43 | 5 533 | |
| **SUM BIKUBEN** | **203** | **16 301** | **283 500** |
| **SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE** | | | |
| Bikubebarn | 8 | 365 | 28 320 |
| Møt Det Norske Teatret (DKS) | 82 | 1 695 | 404 200 |
| Den Mangfaldige scenen | 168 | 17 300 | |
| DUS-festivalen | 12 | 1 043 | 50 700 |
| Nadia (Gjestespel i Teatersalen) | 3 | 131 | 300 |
| Skoleverkstad | 23 | 1 750 | 22560 |
| **SUM SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE** | **296** | **22 284** | **506 080** |
| **ANDRE ARRANGEMENT** | | | |
| Ymse formidl. (vennelag/teaterring) | 8 | 456 | |
| Statoils haustkonsert og konferanse | 3 | 2 214 | |
| Utleige / arrangement | 110 | 15 573 | |
| Omvising | 68 | 1 574 | |
| **SUM ANDRE ARR.** | **79** | **19 817** | |
| **GJESTESPEL I HUSET** | | | |
| Fargespill | 2 | 603 | 133 880 |
| Kunst | 3 | 338 | 27 970 |
| Pieta | 3 | 209 | 9 920 |
| Vinduer | 4 | 423 | 37 200 |
| Shakespeare og ondskapen | 1 | 50 | - |
| Bouzoukispelemannen 80 år | 1 | 198 | 41 600 |
| Farvel til Eddy Belleguele | 4 | 413 | 73 195 |
| Johan Turi (Beaivvas) | 4 | 300 | 37 735 |
| Tordis+Alfred=Toralf | 5 | 525 | 131 520 |
| **SUM GJESTER I HUSET** | **27** | **3 059** | **493 020** |

| **OPPSETJING** | **FRAMS.** | **SUM BILL** | **KR. BRUTTO** |
|---|---|---|---|
| ## DET NORSKE TEATRET PÅ SPELFERD | | | |
| Kan nokon gripe inn (RIKS) | 25 | 8 056 | |
| Etterlyst: Jesus (DNS) | 17 | 6 552 | |
| Etterlyst: Jesus (turne for Quint) | 22 | 8 941 | |
| Sorga kler Elektra (Budapest) | 1 | 160 | |
| Edda (Aarhus Teater) | 6 | 4 120 | |
| Frå landevegen (Kautokeino) | 2 | 87 | |
| Jakob og Neikob (Lillehammer) | 3 | 485 | |
| Solaris (Voss) | 1 | 350 | |
| Solaris (Fjaler) | 1 | 158 | |
| DNT på Oscarshall | 7 | 339 | |
| Jeg er ikke her? | 19 | 509 | |
| **SUM DNT PÅ SPELFERD** | **104** | **29 757** | **-** |
| SAMANDRAG | | | |
| Hovudscenen | 265 | 132 252 | 48 574 290 |
| Scene 2 | 224 | 28 763 | 6 282 575 |
| Scene 3 | 212 | 15 064 | 2 060 960 |
| Bikuben | 203 | 16 301 | 283 500 |
| Tiltak barn og unge | 296 | 22 284 | 506 080 |
| Andre arrangement | 79 | 19 817 | 57 500 |
| Gjestespel i huset | 27 | 3 059 | 493 020 |
| DNT på spelferd | 104 | 29 757 | - |
| **SUM TOTALT** | **1 410** | **267 297** | **58 257 925** |




## Billettinntekt

Billettinntekta auka i 2017 med 36,3 prosent frå 2016.




## Publikumsrekord

I 2017 oppsøkte heile 267.297 publikumarar eit arrangement eller ei framsyning. Publikumsrekorden er 21,7 prosent opp frå året før.



*Kontrakten med forlaget til The Book of Mormon gav tydelege retningslinjer for bruk av foto i marknadsføringa. Her ser vi dei to hovudrollene under ein av mange fotograferingar til materiellet som skulle godkjennast i USA.*

# Målpolitisk råd

Målpolitisk råd har i følgje vedtektene for Det Norske Teatret følgjande oppgåve: Eit målpolitisk råd valt av årsmøtet gjev råd om korleis teateret skal fremja føremålet sitt på beste måte. Rådet kan ta opp spørsmål som gjeld både teateret og målorganisasjonane.

Rådet har hatt to møte i 2017. Teaterleiinga har delteke på begge møta, og orientert rådet om både den kunstnarlege verksemda og den økonomiske drifta av teateret. Rådet har i møte med teaterleiinga drøfta ulike språklege val som teateret har gjort, eller står overfor. Særleg har arbeidet med ny strategi for teateret vore viktig.

Språkbruk i alle former og kanalar dannar til saman det språklege uttrykket til teateret. Scenespråket er naturleg nok av spesiell interesse for arbeidet i målpolitisk råd, men rådet har også drøfta språket i teaterets meir ytre rom. På haustmøtet var arbeidet med ny strategi hovudsak. På vårmøtet diskuterte rådet mellom anna kva plass oslomålet kan ha på scenene til teateret.

Rådet er svært nøgd med at teateret vil tilsetje ein språkkonsulent i full stilling og at teateret jamleg har nynorskkurs for skodespelarar og administrativt tilsette.

I tillegg til dei valde rådsmedlemene har styreleiar Nina Refseth, teatersjef Erik Ulfsby og direktør Åse Ryvarden delteke på møta.

## Etter årsmøtet i april 2017 har rådet hatt denne samansetjinga:

**Leiar:** Jens Kihl.
**Medlemer:** Eli Ulvestad, Marit Nerås Krogsæter, Sverre Tusvik og Inger Johanne Sæterbakk.
**Varamedlemer:** Dag Terje Solvang, Mette Vårdal, Kjell Åsmund Sunde, Marie Nicolaisen og Terje Svindseth.

# Venner av Det Norske Teatret

2017 var eit jamt over godt år for Vennelaget med bra oppslutnad om arrangementa våre. Medlemmene har fått tilbod på alle nye stykke oppsette på Hovudscenen gjennom året.

Vi arrangerte fire medlemskveldar med servering og innføring i stykka vi skulle sjå. Dramaturg Ola E. Bø besøkte oss og snakka om *Røff* av Samuel Beckett, forfattar Brit Bildøen gjesta oss da vi såg stykket *Sju dagar i august*, basert på boka hennar. Ingrid Weme Nilsen, som omsette og regisserte *Nashornet* av Eugene Ionesco, introduserte stykket. I november såg vi *Heisenberg* av Simon Stephens etter innføring ved teatersjef Erik Ulfsby.

Vennelaget var på tur i jonsokhelga med 53 deltakarar på tog, buss og ferje til I Molde og Sunndalsøra. I Molde besøkte vi Teatret Vårt der vennelaget var strålande vertskap. Vi såg *Merzcabaret*, basert på tekstar av Kurt Schwitter. Neste dag var vi oppom Varden med panoramautsikt i sol over byen, fjorden og Romsdalsalpane. Så gjekk turen via Bud og Atlanterhavsvegen til Kristiansund og Sunndalsøra og musikalen *Lady Arbuthnott – Frua på Elverhøy*, sett opp av Jazzå-teatret med amatørar, profesjonelle skodespelarar, kor og orkester, libretto av Stig Nilsson og musikk av Lars Ramsøy Halle. Neste dag var vi innom Leikvin Bygdemuseum i Sunndalen før heimreise med Dovrebanen frå Oppdal.

Årsmøtet vart halde den 20. mars i Bikuben med tradisjonelle årsmøtesaker. Økonomien i laget er god og medlemstalet ligg stabilt rundt 500. Styret gav kr 200 000 til nye stolar på Hovudscenen.

## Styret i 2017

**Leiar:** Britt Mo Nummedal.
**Nestleiar:** Unni Fortun.
**Styremedlemer:** Ellen M. Stenrud, Olav Vesaas og Thore Eithun Helland.
**Varamedlemer:** Tove Lindberg, Kjell Austin og Yngvil Kiran.

## Styret

**Nina Refseth,** styreleiar
**Gunhild Berge Stang,** varamedlem
**Steinulf Tungesvik,** nestleiar
**Olin Johanne Henden,** varamedlem
*(Årsmøtevalde)*

**Shahzad Rana,** styremedlem
**Magni Hjertenes Flyum,** styremedlem
**Inger Lise Aarrestad Rettedal,** styremedlem
**Tone Varslot Stave,** varamedlem
**Ivar Hogne Areklett Moe,** varamedlem
*(Valde etter tilråding frå staten)*

**Ola E. Bø,** styremedlem
**1.) Paul-Ottar Haga,** varamedlem
**2.) Paul Åge Johannessen,** varamedlem
**3.) Renate Reinsve,** varamedlem

**Finn Kirkeby,** styremedlem
**1.) Anna L Jakobsen,** varamedlem
**2.) Lene Jin Nilsen,** varamedlem
**3.) Pål Pande-Rolfsen,** varamedlem
*(Valde av dei fast tilsette ved teateret)*

Styret har halde 6 møter i 2017.

## Tillitsvalde

**Gry Hege Espenes**, Mfo, sufflørar
**Ståle Sletner**, Mfo, musikarar
**Emilia Wist**, Mfo inspisientar
**Mats Ivar Takle**, Film- og Teaterteknisk foreining
**Heidi Lindstad**, Norsk Tjenestemannslag *(til 1. august)*
**Tone Therese Lindquist**, Norsk Tjenestemannslag *(frå 1. august)*
**Astrid Vestad**, Norsk Tjenestemannslag *(frå 1. august)*
**Simen Scharning**, STAFO/fagsjefar
**Morten Svartveit**, Norsk Skuespillerforbund
**Paul-Ottar Haga**, Norsk Skuespillerforbund
**Renate Reinsve**, Norsk Skuespillerforbund
**Kjersti Dalseide** (vara), Norsk Skuespillerforbund
**Eivin Nilsen Salthe** (vara), Norsk Skuespillerforbund

## Arbeidsmiljøutvalet

**Anne Steen**, leiar
**Siri Hundvin** *(hovudverneombod)*
**Jon Bleiklie Devik** *(frå 1. desember)*
**Gry Espenes**
**Svein Roger Karlsen** *(til 1. desember)*
**Oddgeir Kummen**
**Åse Ryvarden**
**Lisbeth Aasland** *(HMT-ansvarleg)*
**Lille Grensen Legesenter**

## Verneombod

**Siri Hundvin**, hovudverneombod
**Rune Aspeggen**
**Jon Bleiklie Devik** *(frå 1. desember)*
**Per Gunnar Gundersen**
**Knut Jarle Hvitmyhr**
**Torhild Jensen**
**Svein Roger Karlsen** *(til 1. desember)*
**Katja Langer**
**Mathavaroopan Rasagopal**

## Akan-utvalet

**Astrid Hellesen**, leiar
**Line Antonsen**
**Gry Hege Espenes**
**Unn Vibeke Hol**
**Elisabeth Sand**

## Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2017 var på **3,4%** *(3,5% i 2016)*.
Det er ikkje registrert nokon alvorlege arbeidsulykker i 2017.

## Tilsette

Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret **225 fast tilsette**. Av dette var 32 deltidsstillingar. Dette utgjer **207,6 årsverk**.

**Ingrid Weme Nilsen** sit i juryen for Nynorsk litteraturpris.
**Erik Ulfsby** er styremedlem i ETC – European Theatre Convention (Europeisk teaternettverk).
**Ola E. Bø** er tilsettrepresentant i styret for DNT, styremedlem i ETC og møter i Nynorsk Forum.
**Åse Ryvarden** er styreleiar i NTO (Norsk teater- og orkesterforening).



1



2


3


4

## Livet på teateret

1 *Ei noko uvanleg premieregåve frå maskeavdelinga til skodespelarane i* The Book of Mormon. 2 *1574 publikummarar blei viste rundt i teateret.* 3 *Fire gongar i året samlar vinkjennarar seg i foajeen til vinmesse.* 4 *Inspisient Emilia Wist møter Toralv Maurstad når han kjem på jobb.* 5 *Løve opna frukostservering i august. Her testar teatersjef Erik Ulfsby tilbodet.* 6 *Tradisjonen tru delar Stein Torleif Bjella ut ei fruktkorg. Her frå premierefesten.* 7 *Lotta, hunden frå* Kan nokon gripe inn, *innkasserte dryge 2000 godbitar frå «eigaren» på scenen.* 8 *Kristoffer Olsen sjarmerer Anne Lindmo.*


5


6


7


8

# PREMIERAR & REPERTOAR





## JAKOB OG NEIKOB

**Urpremiere 13. januar på Scene 3**

**Av** Kari Stai **Dramatisering** Paul-Ottar Haga **Med** Svein Roger Karlsen, Geir Kvarme, Kaia Varjord **Regissør** Paul-Ottar Haga **Koreografisk assistanse** Jonas Digerud, Belinda Braza **Komponist** Asgeir Skrove **Musikalsk arrangering** Svenn Erik Kristoffersen **Illustrasjonar** Kari Stai **Dramaturg** Anders Hasmo



## RØFF

**Premiere 21. januar på Scene 2**

**Av** Samuel Beckett **Omsetjing** Bjørn Endreson **Regissør** Bjørn Sundquist **Scenograf og kostymedesignar** Bård Lie Thorbjørnsen **Lysdesignar** Øyvind Wangensteen **Lyddesignar** Igor Zamarajev, Runar Magnussen, Vibeke Blydt-Hansen **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Per Schaanning, Sigmund Sæverud, Kyrre Hellum, Frank Kjosås, Øyvin Berven



## KAN NOKON GRIPE INN

**Urpremiere 14. januar på Hovudscenen**

**Turnépremiere 11. oktober på Ål**

**Tekst og musikk** Stein Torleif Bjella **Manus** Lasse Kolsrud **Regissør** Lasse Kolsrud **Scenograf og kostymedesignar** Siri Langdalen **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Koreograf** Belinda Braza **Musikalsk ansvarleg** Svenn Erik Kristoffersen **Musikkarrangement** Svenn Erik Kristoffersen/bandet **Lyddesignar** Jostein Reistad **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Hans Rønningen, Hallvard Holmen, Hildegun Riise, Joachim Rafaelsen/Lasse Kolsrud, Kjersti Dalseide, Pål Christian Eggen, hunden Lotta **Musikarar** Svenn Erik Kristoffersen, Nils Jansen, Christian Svensson, Marius Reksjø, Mats Grønner

*Ein samproduksjon mellom Det Norske Teatret og Riksteatret*



## DET ER ALES

**Noregspremiere 28. januar på Scene 3**

**Urpremiere 9. september 2016 i Viterbo, Italia**

**Av** Jon Fosse **Dramatisering** Maria Sand **Omsetjing** Gianluca Iumiento, Kristian Bjørnsen, Giulia Brunello **Regissør** Gianluca Iumiento **Med** Maria Sand, Elisabeth Sand, Oddgeir Thune, Daniela Giordano, Gianluca Iumiento

*I samarbeid med Teatro Stabile Delle Arti Medievali*



# OVERFØRING – EI FRAMSYNING OM PSYKOTERAPI

**Urpremiere 22. februar på Scene 2**

**Basert på** psykolog Marit Råbus intervju med eldre kollegaer **Til teater ved** Tyra Tønnessen **Regissør og scenograf** Tyra Tønnessen **Scenograf og kostymedesignar** Leiko Fuseya **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Vibeke Blydt-Hansen **Koreografisk assistanse** Belinda Braza **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Wenche Medbøe, Britt Langlie, Grethe Ryen, Kai Remlov, Toralv Maurstad, Erik Hivju

*Det Norske Teatret i samarbeid med Nationaltheatret*



# ÅSTADDIKTING

**Urpremiere 25. februar på Scene 3**

**Av** Eirik Fauske **Regissør** Kai Johnsen **Dramaturg** Ola E. Bø **Regiassistent** Eirik Fauske **Med** Lasse Kolsrud, Agnes Kittelsen, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Hilde Olausson, Oddgeir Thune, Elisabeth Sand, Sara Khorami

*I samarbeid med Dramatikkens hus*



# EDDA

**Urpremiere 4. mars på Hovudscenen**

**Konsept** Robert Wilson **Med tekstar av** Jon Fosse **Musikk** CocoRosie og Arvo Pärt **Regissør, scenograf og lysdesignar** Robert Wilson **Kostymedesignar** Jacques Reynaud **Co-regissør** Ann-Christin Rommen **Co-scenograf** Serge von Arx **Co-lysdesignar** John Torres **Maskedesignar** Manu Halligan **Co-kostymdesignar** Alexander Djurkov-Hotter **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Musikkprodusent** Valgeir Sigurðsson **Scenografiassistent** Mari LB Kamsvaag **Regiassistent** Desiree Vaksdal **Dramaturgassistent** Kristoffer Spender **Med** Henrik Rafaelsen, Gjertrud Jynge, Sigve Bøe, Frode Winther, Eivin Nilsen Salthe, Marianne Krogh, Paul-Ottar Haga, Joachim Rafaelsen, Ola G. Furuseth, Renate Reinsve, Tiril Heide-Steen, Jon Bleiklie Devik, Unn Vibeke Hol

*Produsent for Arts Unlimited Nicolai Vemming Edda er eit samarbeid med Unlimited Performing Arts og blir samprodusert med Aarhus Teater. Framsyninga gjesta Aarhus hausten 2017 i samband med at byen var europeisk kulturhovedstad.*



# SOM LAUVET I VALLOMBROSA

**Premiere 25. mars på Scene 2**

**Av** Lars Norén **Omsetjing** Marit Tusvik **Regissør** Alan Lucien Øyen **Scenograf** Leiko Fuseya **Kostymedesignar** Ingrid Nylander **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Gunnar Innvær **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Jan Grønli, Heidi Gjermundsen Broch, Ingrid Jørgensen Dragland, Svein Roger Karlsen, Morten Svartveit, Kyrre Hellum, Gard Skagestad, Niklas Gundersen, Marie Blokhus



# DRAKE-ZOO

**Urpremiere 6. april på Scene 2**

**Idé, konsept og regi** Christina Lindgren **Musikk** Julian Skar **Scenograf** Tormod Lindgren **Kostymedesignar** Christina Lindgren **Tekst** Maria Tryti Vennerød **Koreograf** Hanne Dieserud **Med** Sondre Pettersen, Katja Henriksen Schia, Daniel Rodrigo Nilsen

*I samarbeid med Dieserud/Lindgren*



# SJU DAGAR I AUGUST

**Urpremiere 1. april på Scene 3**

**Av** Brit Bildøen **Regissør** Morten Borgersen **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Nina Woxholtt, Geir Kvarme, Ellen Birgitte Winther, Øyvin Berven



# 11 ÅR

**Urpremiere 23. mai på Hovudscenen**

**Av** Goksøyr & Martens **Regi/scenetekst** Toril Goksøyr og Camilla Martens **Scenografi og kostymedesign** Olav Myrtvedt **Musikk** Ane Brun **Lyddesign** Fredric Vogel **Lysdesign** Ingeborg Staxrud Olerud **Musikalsk assistanse** Ståle Sletner, Svenn Erik Kristoffersen og Trond Lindheim **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Kjersti Dalseide, Julie Moe Sandø, Jon Bleiklie Devik, Agnes Kittelsen, Oddgeir Thune, Benjamin Haug Hagen, Marie Nilsen Rønbeck/Selma Gudim Karlsen

*Goksøyr & Martens har basisfinansiering frå Norsk Kulturråd. 11 ÅR er eit samarbeid med Det Norske Teatret. Framsyninga er støtta Av Norsk kulturfond, Dramatikkens hus, Fritt Ord, Bergesenstiftelsen*




# THE BOOK OF MORMON

**Noregspremiere 2. september på Hovudscenen**

**Manus, musikk og songtekstar av** Trey Parker, Robert Lopez og Matt Stone **Originaloppsetjinga blei regissert av** Casey Nicholaw og Trey Parker **Omsetjing** Are Kalvø **I samarbeid med** Kilden Teater og Konserthus **Regissør** Vidar Magnussen **Musikkansvarleg** Lars Bleiklie Devik **Scenograf** Gjermund Andresen **Kostymedesignar** Ingrid Nylander **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Koreograf** Johan Osuldsen **Lyddesignar** Morten A. Jorsett **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Musikarar** Svenn Erik Kristoffersen, Knut Løchsen, Mats Grønner, Christian Svensson, Jonny Sjo, Jens Petter Antonsen, Kristoffer Kompen, Nils Jansen/Børge Are Halvorsen, Bjarne Magnus Jensen/Karl Espegard **Med** Frank Kjosås, Kristoffer Olsen, Anette Amelia Hoff Larsen, Preben Hodneland/Jonas Fuglevik Urstad, Marvin Amoroso, Markus Bailey, Niklas Gundersen, Carl Martin Prebensen, Daniel Mauricio, Hans Magnus HildershAvn Rye, Jonas Fuglevik Urstad/Joakim Ousdal, Judy Nyambura Karanja, Kim Fairchild, Mikkel Gythfeldt, Richard Lessey, Sigurd Vespestad Marthinussen, Sindre Bjørke Høyang, Mimmi Tamba/Amanda Kamara, Kidane Gjølme Dalva/Jeffrey Young, Emil Rodrigo Jørgensen/Fredrik Boerenstam

**Den originale Broadway-oppsetjinga blei produsert av** Anne Garefino – Scott Rudin Roger Berlind – Scott M Delman – Jean Doumanian Roy Furman – Important Musicals Llc – Stephanie P Mcclelland Kevin Morris – Jon B Platt – Sonia Friedman Productions Produsent Stuart Thompson

*Presentert etter avtale med Music Theatre International (Europa) Forlag Josef Weinberger Limited*



# DET HAR VISST VORE EIN EPISODE

**Noregspremiere 30. august på Scene 3**

**Av** Chris Thorpe **Omsetjing** Marita Liabø **Regissør** Peer Perez Øian **Komponistar** Ole Alexander Halstensgård (Ulver), og Tore Ylvisaker (Ulver) **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Sara Khorami, Marie Blokhus, Amell Basic



# HEROSTRATOS

**Premiere 11. oktober på Scene 3**

**Eit scenepartitur av** Janne-Camilla Lyster **Regissør** Øyvind Osmo Eriksen **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Oddgeir Thune, Sara Khorami, Amell Basic, Kyrre Hellum, Sebastian Eilertsen



# SNØKVIT

**Urpremiere 7. oktober på Hovudscenen**

**Av** Maria Tryti Vennerød og Julian Skar **Regissør** Kjersti Haugen **Scenograf og kostymedesignar** Unni Walstad **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Koreograf** Belinda Braza **Musikkansvarleg** Svenn Erik Kristoffersen **Lyddesignar** Christopher Woxholtt **Dramaturg** Anders Hasmo **Musikarar** Ståle Sletner, Ole Marius Melhuus, Birger Mistereggen, Maria Alejandra Conde Campos, Sarah Bye **Med** Charlotte Frogner, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Hermann Sabado, Audun Sandem, Jon Vegard Hovdal, Ragnhild Meling Enoksen, Kai Kenneth Hanson, Amanda Kamara, Sarah Francesca Brænne, Joakim Ousdal, Amina Sewali, Peiman Azizpour, Catharina Vu



# NASHORNET

**Premiere 14. oktober på Scene 2**

**Av** Eugène Ionesco **Omarbeiding og omsetjing** Ingrid Weme Nilsen **Regissør** Ingrid Weme Nilsen **Scenograf og kostymedesignar** Mia Runningen **Lysdesignar** Kyrre Heldal Karlsen **Lyddesignar** Vibeke Blydt-Hansen **Koreografisk assistanse** Belinda Braza **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Per Schaanning, Svein Roger Karlsen, Geir Kvarme, Julie Moe Sandø, Trini Lund, Elisabeth Sand, Kuba Gleichgewicht, Bolek A. G. Aleksandersson, Jim-Roger Knutsen, Silje Kilmork Vemøy, Lene Jin Nilsen, Silje Vigerust Vinjar



## HEISENBERG

Noregspremiere 3. november på Scene 2

**Av** Simon Stephens **Omsetjing** Ola E. Bø **Regissør** Erik Ulfsby **Scenograf og kostymedesignar** Mia Runningen **Lysdesignar** Kyrre Heldal Karlsen **Komponist** Marie Blokhus/ Alexander Scriabin **Musikkarrangement** Ståle Sletner **Koreografisk assistanse** Anette Stokke **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Marie Blokhus, Bjørn Floberg **Musikar** Ståle Sletner



## FAENS NISSE!

Urpremiere 10. november på Scene 3

**Av** Gunnar Germundson **Omsetjing** Maria Tryti Vennerød **Regissør** Catrine Telle **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Joachim Rafaelsen, Eivin Nilsen Salthe, Jon Bleiklie Devik, Hilde Olausson, Ola G. Furuseth, Sigve Bøe, Tiril Heide-Steen

*Framsyninga er utvikla med støtte frå Dramatikkens hus.*



## VALDENS HISTORIE

Urpremiere 13. desember Scene 2

**Av** Édouard Louis **Omsetjing til norsk** Egil Halmøy **Til nynorsk ved** Carl Morten Amundsen **Dramatisering** Kjersti Horn og ensemblet **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Musikk** Erik Hedin og Arthur Kay Piene **Lyddesignar** Erik Hedin **Lysdesignar** Ole Randers **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Emil Johnsen, Preben Hodneland **Studiomusikar piano** Arthur Kay Piene **Musikkopptak og miks** Simen Scharning



## SONGFUGLEN

Urpremiere 26. august 2016 på Scene 2

**Av** Jan Roar Leikvoll **Dramatisert av** Demian Vitanza **Songtekstar** Demian Vitanza og Petter Winther Gåre **Musikk** Sandra Kolstad **Regissør** Peer Perez Øian **Scenograf og kostymedesignar** Dagny Drage Kleiva **Lysdesignar** Per Willy Liholm **Koreograf** Belinda Braza **Lyddesignar** Igor Zamarajev **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Frank Kjosås, Ellen Birgitte Winther, Gjertrud Jynge, Renate Reinsve, Kjersti Dalseide, Trini Lund/Unn Vibeke Hol, Anne Ryg, Hilde Olausson, Niklas Gundersen **Musikar** Ståle Sletner



## DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

Noregspremiere 13. mars 2014 på Scene 3

**Av** Mark Haddon **Dramatisert av** Simon Stephens **Omsetjing** Jon Fosse **Regissør** Trine Wiggen **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Frank Kjosås, Ingunn Beate Øyen, Ingrid Jørgensen Dragland, Jon Bleiklie Devik, Renate Reinsve, Kaia Varjord, Svein Roger Karlsen, Jan Grønli, Marianne Krogh, Geir Kvarme



## INKOGNITO

Noregspremiere 29. oktober 2016 på Scene 3

**Av** Nick Payne **Omsetjing** Gunstein Bakke **Regissør** Peer Perez Øian **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen/Anders Hasmo **Med** Ola G. Furuseth, Ellen Birgitte Winther, Morten Svartveit, Kaia Varjord



## ABRAHAMS BARN

Urpremiere 9. september 2011 på Hovudscenen

**Av** Svein Tindberg **Omsetjing av utvalde tekstar** Ola E. Bø **Regissør** Kjetil Bang-Hansen **Scenograf** John-Kristian Alsaker **Lysdesignar** Ola Bråten **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Svein Tindberg



## ETTERLYST: JESUS

**Urpremiere 27. august 2016 på Hovudscenen**

**Av** Bjørn Eidsvåg **Regissør** Erik Ulfsby **Scenograf og kostymedesignar** Mia Runningen **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Ole-Petter Berger **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Bjørn Eidsvåg og Svein Tindberg **Musikarar** Anders Engen, David Wallumrød, Kjetil Steensnæs, Bjørn Holm

*Presentert i samarbeid med Bjørn Eidsvåg.*



## KALVØ

**Urpremiere 31. oktober 2014 på Scene 2**

**Av og med** Are Kalvø **Regissør** Erik Ulfsby **Scenograf og kostymedesignar** Mia Runningen **Lysdesignar** Ole Randers **Musikkansvarleg** Ståle Sletner **Originalmusikk** Espen Beranek Holm / Are Kalvø **Dramaturg** Ola E. Bø **Musikarar** Ståle Sletner, Ole Marius Melhuus



## HAUGTUSSA

**Premiere 14. november 2013 på Scene 3**

**Av** Arne Garborg **Omarbeidd av** Ane Dahl Torp **Regi** Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby **Med** Ane Dahl Torp **Musikar** Sjur Miljeteig



## ROMEO OG JULIE

**Premiere 5. mars 2016 på Scene 2**

**Av** William Shakespeare **Omsetjing** Edvard Hoem **Regissør** Maren E. Bjørseth **Scenograf og kostymedesignar** Olav Myrtvedt **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Knut Nikolai Bergstrøm **Kampinstruktør** Jeff Pedersen **Dramaturg** Mari Moen **Med** Axel Gehrken Bøyum, Kjersti Dalseide, Gard Skagestad, Audun Sandem, Preben Hodneland, Ingunn Beate Øyen, Nina Woxholtt, Niklas Gundersen, Bernhard Ramstad, Paul Åge Johannessen, Pål Christian Eggen



## PÅFUGLEN

**Premiere 19. november 2016 på Hovudscenen**

**Av** Tyra Tønnessen og Jovan Pavlovic **Omsetjing** Runar Gudnason, Tyra Tønnessen og Ola E. Bø **Regissør** Tyra Tønnessen **Scenograf og kostymedesignar** Dagny Drage Kleiva **Lysdesignar** Øyvind Wangensteen **Komponist og musikalsk innstudering** Jovan Pavlovic **Koreograf** Tor Ivar Hagen **Lyddesignar** Vibeke Blydt-Hansen **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Heidi Gjermundsen Broch, Kathrine Thorborg Johansen, Amell Basic, Paul Åge Johannessen, Frode Winther, Niklas Gundersen, Jon Bleiklie Devik, Renate Reinsve **Musikarar** Erik Kristoffersen, Espen Leite, Marius Reksjø, Christian Svensson



## FRIDOMENS VEGAR

**Urpremiere 8. oktober 2016 på Scene 2**

**Av** Tore Vagn Lid **Audiovisuelt konsept, regi/musikk** Tore Vagn Lid **Video og scenografi** Kyrre Bjørkås **Lyskonsulent** Martin Myrvold **Kostyme**Kyrre Bjørkås/Ingunn Birkeland **Animasjon** Kristian Pedersen **Lyddesignar** AK Schille/Tomas Nilsson **Resarch** Tor Christian F. Bleikli/Helge Holgersen **Videoteam** Jacob Kronen v/ Who Dares **Designtenester** All Tomorrows **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Ane Dahl Torp, Marie Blokhus, Joachim Rafaelsen, Bjørn Sundquist, Kristine Græsholt Svalheim / Billie Cejka Risnes, Sigurd Græsholt Svalheim / Edvard Niklasson Måseide **Musikar** Thomas Valeur
*Støtta av Prosjektrommet for kunstnerisk utviklingsarbeid*



# SORGA KLER ELEKTRA

**Premiere 28. april 2012 på Scene 2**

**Av** Eugene O'Neill **Omsetjing:** Ola E. Bø **Omarbeiding:** Cecilia Ölveczky og Eirik Stubø **Regissør**: Eirik Stubø **Scenograf og kostyme-designar:** Kari Gravklev **Musikkansvarleg:** Steinar Sønk Nickelsen **Lysdesignar:** Torkel Skjærven **Videodesignar:** Boya Bøckman **Lyddesignar:** Vibeke Blydt-Hansen **Dramaturg:** Cecilia Ölveczky **Med** Gjertrud Jynge, Lasse Kolsrud, Marie Blokhus, Bjørn Skagestad, Espen Løvås, Kirsti Stubø, Torbjørn Eriksen **Musikarar** Steinar Sønk Nickelsen, Erik Nylander, Håvard Stubø

---

# SVIKNE DAGAR

**Lesing den 3., 4., 6. og 25. januar og 4. april 2017 på Scene 3**

**Av** Elena Ferrante **Omsett av** Kristin Sørsdal **Lagt til rette for scenen av** Carl Morten Amundsen **Med** Nina Woxholtt, Kaia Varjord, Sara Khorami, Eivin Nilsen Salthe, Ola G. Furuseth **Inspisient** Hedda Rønneberg **Sceneansvarlege** Pelle Dengsø/ Tryggve Ildahl

# ALT INKLUDERT

**Lesing 16. februar og 2. mai 2017 på Scene 3**

**Av** Marit Eikemo **Lagt til rette for scenen av** Anders Hasmo **Med** Ellen Birgitte Winther, Kaia Varjord, Nina Woxholtt, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Frank Kjosås, Paul Åge Johannessen **Inspisient** Hedda Rønneberg **Sceneansvarlege** Tryggve Ildahl/Pelle Dengsø

# EDDA - EI LESING

**Lesing 25. og 26. april 2017 på Scene 3 og 20. mai 2017 på Oscarshall**

**Av** Jon Fosse **Lagt til rette for scenen av** Ola E. Bø **Med** Marianne Krogh, Tiril Heide-Steen, Kaia Varjord, Paul-Ottar Haga, Ola G. Furuseth, Eivin Nilsen Salthe **Inspisient** Hedda Rønneberg **Sceneansvarlege** Tryggve Ildahl/Pelle Dengsø

## Lunsj & Lyrikk

**Veke 2** Ingrid Jørgensen Dragland
**Veke 3** Amund Sigurdssønn Karlsen
**Veke 4** Stine Everhøi Johnsen/Klimafestivalen
**Veke 5** Marit Hjorthol
**Veke 6** Paul Åge Johannessen
**Veke 7** Ragnar Dyresen
**Veke 8** Audun Sandem/Kirsti Maanum
**Veke 9** Ola B. Johannessen
**Veke 10** Vilde Moberg/Ellen Dahm
**Veke11** Hilde Olausson
**Veke12** Per Schaanning/Pål Christian Eggen
**Veke13** Elisabeth Sand/Kammermusikk med Ung kvartettserie
**Veke14** Marianne Mørk
**Veke16** Jannik Bonnevie
**Veke17** Grethe Ryen/Tiril Heide-Steen
**Veke 18** Odd Georg Murud
**Veke 19** Ingeborg Raustøl
**Veke 20** Barthold Halle
**Veke 21** Amund Sigurdssønn Karlsen/Joachim Knoph og Mette B. Pedersen
**Veke 34** Jon Bleiklie Devik
**Veke 35** Lasse Kolsrud
**Veke 36** Sarah M Berge/Pål Christian Eggen
**Veke 37** Marie Blokhus/Ragnar Dyresen
**Veke 38** Hans Magnus H Rye/Amund Sigurdssønn Karlsen
**Veke 39** Amund Sigurdssønn Karlsen/ Judy Nyambura Karanja
**Veke 40** Niklas Gundersen/Jazzcafe pensjonistforbundet/Sindre Bjørke Høyang
**Veke 41** Øyvind Berven
**Veke 42** Paul Åge Johannessen/Jon Vegard Hovdal
**Veke 43** Charlotte Frogner/Julie Moe Sandø
**Veke 44** Kai Kenneth Hanson/Cafe & Musikk, Just Friends/Svein Roger Karlsen
**Veke 46** Ragnar Dyresen
**Veke 47** Jannik Bonnevie
**Veke 48** Hilde Olausson
**Veke 49** Ola B. Johannessen
**Veke 50** Sigve Bøe/Cafe og Musikk, Five shades of sax/ Tiril Heide-Steen

## Bikubekveld

**Veke 2** Nosizwe Baqwa
**Veke 3** There's a crack in everything, that's how the light gets in
**Veke 4** SLAM!
**Veke 5** SALSA-kveld!
**Veke 6** EXIsT
**Veke 7** Ein hyllest til Bob Dylan
**Veke 8** Da musikalen blei remixa
**Veke 9** Oppvarming til *The Book of Mormon*
**Veke 10** Urban Art Attack
**Veke11** Halve Kalvø
**Veke12** Teateret og musikken
**Veke13** SLAM!
**Veke16** Monologbonanza
**Veke 17** JyngeLeite
**Veke 18** The Johnny Cash Machine
**Veke 37** Urban Art Attack
**Veke 38** Norsk på norsk
**Veke 39** Tom Waits
**Veke 40** Afrikanske røter
**Veke 41** Frida Ånnevik og Lillian Samdal
**Veke 42** Monologbonanza
**Veke 43** (Wo)Man up!
**Veke 44** SLAM!
**Veke 45** Laura Nyro og Heidi Gjermundsen Broch
**Veke 46** Telegram
**Veke 47** Da musikalen blei remixa
**Veke 48** SLAM!
**Veke 49** Digresjon – synger julen inn

# Samarbeidsprosjekt

**Kan nokon gripe inn** (Riksteatret)
**Edda** (Aarhus / Arts unlimidet)
**11 år** (Goksøyr Martens)
**Book of Mormon** (Kilden)
**Overføring** (Nationaltheatret)
**Drake-Zoo** (Dieserud Lindgren)
**Det er Ales** (Quartieri dell'Arte)
**Jeg er ikke her** (Vega Scene)
**åstaddikting** (Dramatikkens hus)
**Internert** (Dramatikkfestivalen)
**Frukt som rotnar** (Dramatikkfestivalen)
**Etterlyst: Jesus** (Bjørn Eidsvåg / Quint)
**DUS 2017** (Den unge scenen)
**Kalvø** (Are Kalvø)

# Internasjonale samarbeidsprosjekt

**Nadia** (ETC)
**Edda** (Aarhus / Arts unlimited)
**Det er Ales** (Teatro Stabile Delle Arti Medioevali)

# Gjestespel

**Johan Turi** (Det Samiske Nasjonalteatret Beaivváš)
**Farvel til Eddy Bellegueule** (Hedin Sound Design)
**Fargespill** (Fargespill)
**Tordis og Alfred = Toralf** (Toralv Maurstad og Rune Alver)
**Vinduer** (Veronica Salinas) (Heddadagene)
**Pieta** (Haugesund Teater) (Heddadagene)
**Kunst** (Rogaland Teater (Heddadagene)
**Nadia** (De Toneelmakerij, Nederland)

# På spelferd

**Haugtussa**
**Frå landevegen**
**Mens hjula står**
**Jakob og Neikob**
**Solaris korrigert**
**Etterlyst: Jesus**
**Sorga kler Elektra**
**Edda**
**Kan nokon gripe inn**
**Edda - ei lesing**

# Innsikt

**Introduksjon til Inkognito** ved Kaja Nordengen
Dato: 19. januar, 2. februar

**Introduksjon til EDDA** ved Jon Gunnar Jørgensen
Dato: 7. og 14. mars, 01., 04. og 30. april

**Introduksjon til EDDA** ved Marit Jerstad
Dato: 8. og 19. mars, 02., 19. og 27 april

**Introduksjon til Kan nokon gripe inn**
ved Olav Brostrup Müller
Dato: 18. mars, 22. april, 4. mai

**Introduksjon til Etterlyst: Jesus** ved Halvor Moxnes
25. og 26. mars, 25. april, 7. og 8. november, 19. desember

**Introduksjon til Etterlyst: Jesus** ved Petter Skippervold
Dato: 26. januar, 19. februar, 12. og 29. mars

**Introduksjon til Overføring** ved Marit Råbu
Dato: 7. mars, 16. og 30. mai

**Introduksjon til Etterlyst: Jesus** av Olaf Aagedal
Dato: 26. april, 7. juni

**Samtale etter Drake-Zoo**
Dato: 2. mai og 5. mai

**Introduksjon til The Book of Mormon** ved Petter Skippervold
Dato: 26. september, 12. oktober, 6. og 12. og 21. desember

**Introduksjon til The Book of Mormon** ved Nora Stene
Dato: 01., 02., 15. 21. og 22. november

**Premieresamtale før Valdens historie**. Intervju med Edouard Louis ved Erlend Tårnesvik Dreiås
Dato: 13. desember

**Samtale før Kan nokon gripe inn**. Stein Torleif Bjella i samtale med Lasse Kolsrud.
Dato: 14. desember

# Utstillingar

**Barneframsyningar på Det Norske Teatret**
Kva: Scenografi og kostymeteikningar av Unni Walstad.
Kor: Utstilling i foajeen hausten 2017

**«Ønsketreet»**
Kva: utstilling av barn sine ønske, laga av deltakarar på Miniteaterverkstad i samband med Snøkvit.
Kor: Tilgjengeleg i foajeen hausten 2017.

**«Hvor skjer Jesus»**
Kva: ei fotoutstilling av fotograf André Clemetsen og teolog Halvor Moxnes.
Kor: I foajeen dagane vi spelte framsyninga Etterlyst: Jesus hausten 2017.

# Skoleaktivitetar

**Teaterverkstad The Book of Mormon**
Kva: Teaterverkstad og omvising
Med: Jonas F. Urstad, Johan Osuldsen, Hans Magnus Rye, og omvisarar frå Det Norske Teatret
Dato: 01. og 02. november, 05. desember

**«Kvifor Nynorsk»**
Kva: Tematime om nynorsk og teaterets historie
Med: Alfred Fidjestøl og Ola E. Bø
Dato: 08. og 15. mars, 11. november

**«Møt Det Norske Teatret»**
I samarbeid med: Den kulturelle skolesekken Oslo
Kva: Teaterverkstad og omvising
Med: Charlotte Korrell, Belinda Braza, Rolf Mørck, Jonas F. Urstad, Sunniva L. Kildal, Cecilie Marjatta Välinen og omvisarar frå Det Norske Teatret
Dato: 14., 15., 16., 17. mars, 3., 4. og 5. april, 16., 17., 18., 19., 20., 23., 24., 25., 26., 27., 30., 31. oktober, 01., 02., 03., 07., 13., 14., 16., 17. november, 06., 07., 08. og 11. desember

**Nadia/Utafor verkstad**
I samarbeid med: Den kulturelle skolesekken Akershus, og del av ETC-prosjektet Nadia.
Kva: Foredrag, dans, verkstad og omvising – tema Utafor
Med: Faten Mahdi Al-Hussaini og Yousef Bartho Al-Nahi (foredrag), Belinda Braza og Charlotte Korrell (dans), Svein Tindberg og Anders Hasmo (samtale/verkstad) og omvisarar frå Det Norske Teatret
Dato: 6., 7., 8., 9., og 10. november.
Facebook-prosjekt: veke 45-48 (del av ETC-prosjektet NADIA)

# Bikubebarn – barne-arrangement på laurdagar

**Fuglar**
I samarbeid med Den Mangfaldige Scenen
Kva: Framsyning og verkstad med barn og pedagogar frå DMS
Dato: 11. mars:

**Miniteaterverkstad Jakob og Neikob**
Kva: Verkstad med sminke, kostyme, scenografi, dans og framvising på Scene 2
Dato: 6 mai

**Urban Art Attack for kids**
Kva: Verkstad og dans på Hovudscenen
Dato: 9. September

**Miniteaterverkstad Snøkvit**
Verkstad med sminke, kostyme, scenografi, dans og framvising på Scene 2
Dato: 28. oktober

**Bø og Bæ**
I samarbeid med: Den mangfaldige Scenen
Kva: Framsyning og verkstad med barn og pedagogar frå DMS
Dato: 11. november

**Bli kjent med teateret – grafitti/collage**
Kva: Kreativ verkstad på målarsalen
Dato: 18. november

**HallingBreak**
Kva: Danseverkstad på midtgolvet
Dato: 2. desember

**DJ-kurs**
Kva: musikkverkstad
Dato: 9. desember



*Når kidsa slår seg laus på Urban Art Attack står stemninga i taket.*



**Steinulf Tungesvik** *(nestleiar, årsmøtevald)* er advokat i Bergen, og kjem frå Skånevik i Hordaland. I 2005 var han leiar i Noregs Mållag. I tre periodar har han vore statssekretær i ulike departement for Senterpartiet.

**Ola E. Bø** *(vald av dei fast tilsette ved teateret)* har sidan 1991 vore dramaturg og språkrettleiar ved Det Norske Teatret. Han var leiar i Noregs Mållag 1984–86 og medlem i Norsk kulturråd 1997–2004. Han var blant dei fremste i arbeidet med å utvikle og realisere planane om Ivar Aasen-tunet 1990–2000.

**Magni Hjertenes Flyum** *(vald etter tilråding frå staten)* er utdanna biolog og bur i Nordfjordeid, der ho er dagleg leiar ved Norsk Fjordhestsenter. Ho har tidlegare vore administrasjonssjef ved Nynorsk kultursentrum og har lang erfaring frå styre- og organisasjonsarbeid.

**Finn Kirkeby** *(vald av dei fast tilsette ved teateret)* har arbeidd som rekvisitør på Det Norske Teatret i 41 år. Ved sida har han jobba for fjernsyn og for ei rekke musikalar på Chateau Neuf. Han har i fleire år vore klubbformann og medlem av styret ved DNT.



# STYRETS ÅRSMELDING

**Nina Refseth** *(styreleiar, årsmøtevald)* er administrerande direktør i Museene i Sør-Trøndelag. Ho er utdanna idéhistorikar og har bakgrunn som mellom anna konserndirektør i Amedia, direktør for Norsk filminstitutt og for Det Norske Samlaget. Refseth har brei styreerfaring innanfor kultur, media og høgare utdanning.

**Tone Varslot Stave** *(vara vald etter tilråding frå staten)* er siviløkonom med ein bachelor i musikk og kunsthistorie (UiO og Barratt Due). I dag jobbar ho i Innovasjon Norge, der ho har ansvar for arbeidet med EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020. Frå før har ho fleire års erfaring frå Kulturdepartementet og frå Nærings- og handelsdepartementet.

## Ikkje på bildet

**Inger Lise Aarrestad Rettedal** *(vald etter tilråding frå staten)* driv Utstein Gard/Klostergarden på Mosterøy. Ho er agronom, og har tidlegare arbeidd i Statoil og i Aker Solutions og Melvær&Lien Idé-entreprenør. Ho har også vore politikar, mellom anna som vararepresentant på Stortinget for Høgre. Rettedal sit i konsernstyret i Nortura SA og er styreleiar i Gladmat AS.

**Shahzad Rana** *(vald etter tilråding frå staten)* frå Sandnes i Rogaland er IT-gründer og samfunnsdebattant. Han er utdanna innanfor informatikk og språk. Han har starta ei rekkje teknologibedrifter og har vore varamedlem av Oslo bystyre og medlem av bydelsutvalet på Ullern for Høgre og i Teknologirådet. I dag er han teknologidirektør i Microsoft.

# Aktivitetar gjennom året

I 2017 har Det Norske Teatret hatt eit særmerkt år. Ein har både aksla Robert Wilsons *Edda* og den norske versjonen av *The Book of Mormon*, samstundes som ein har spelt fullt repertoar og hatt omfattande nyproduksjon med fleire urpremierar. Teateret har strekt seg kunstnarleg mot høgste internasjonale standard, og har med eit repertoar med vidt spenn og mange samarbeidsprosjekt trekt til seg eit rekordstort publikum. Heile 267 297 besøkte teaterframsyningane gjennom året. Dei samla billettinntektene på 58,2 millionar kr er historisk høge, og 15 millionar kr høgare enn i 2016.

**Teateret speler repertoar på Hovudscenen, Scene 2 og Scene 3,** og har ulike kunstnarlege aktivitetar på Bikube-scenen. I 2018 har vi hatt så mange som 31 eigne titlar i spel gjennom året. I tillegg til høg nyproduksjon har teateret skapt fleire framsyningar som ligg fast i repertoaret. Dette gir fridom til å programmere dynamisk, samstundes som publikum heile tida får eit stort tilbod. Publikumstalet er no på eit stabilt høgare nivå enn tidlegare: Medan snittbesøket i perioden 2008–2011 var 177 560, var snittbesøket etter omlegginga i perioden 2012–2017 på 223 501. Teateret speler framsyningar seks dagar i veka. Søndag er ein etablert og etterspurd speledag, og i 2017 spelte vi på Hovudscenen 32 søndagar, for over 16 133 besøkande. I alt 20 ulike produksjonar hadde premiere på dei tre scenane. I 2017 har 11 skodespel og dramatiseringar hatt urpremiere på Det Norske Teatret, fleire av dei utvikla i samarbeid med Dramatikkens hus. I tillegg viser vi teaterklassikarane på nynorsk, og formidlar kulturarven på ulikt vis.

**Nynorsk språk er det viktigaste særmerket til teateret,** og Det Norske Teatret skal føre eit godt og ledig språk både på og utanfor scenen. Det Norske Teatret legg særleg vekt på å utvikle nytt, norsk teater for barn. Vi skal til kvar tid ha eit godt tilbod til barn, med nye tekstar og dristige framsyningsformer. Teateret skal òg appellere til eit ungt publikum med aktuelle tema og problemstillingar i varierte og eksperimenterande uttrykk.

Å produsere nye, ukjende titlar for barn og unge er ressurskrevjande, og kan vere vanskeleg å formidle til publikum. Det er likevel fornying som er, og må vere, målet.

**Eit breitt og djervt repertoar er ei av søylene i strategien til teateret.** Ved å bygge på dei styrkane teateret alt har, skal teateret vidareutvikle både den kunstnarlege kvaliteten og publikumstilbodet. Vi skal skape kunstnarleg sterkt musikkteater og utvikle musikalen som sjanger og format. I 2017 var både *The Book of Mormon*, *Snøkvit* og *Kan nokon gripe inn*, alle musikalske storsatsingar, fine døme på det. Teateret sin strategi er revidert i 2017, etter ein prosess der både styret og dei tilsette har bidrege.

## Føremål

L/L Det Norske Teatret er eit allmennnyttig aksjeselskap som har til føremål å vise teaterstykke på norsk mål i bygd og by. Det Norske Teatret driv verksemda frå eigne lokale i Kristian IVs gate 8 i Oslo.

Teateret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søkjer for refleksjon, oppleving og underhaldning. Med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skal Det Norske Teatret skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

# Publikum og eit teater som når ut

Det Norske Teatret når eit stor og samansett publikum, og har i 2017 hatt eit breitt formidlingsprogram knytt til dei ulike framsyningane med foredrag, introduksjonar og omvisingar. Den digitale formidlinga, med eit rikt utval podkastar, filmar og tekstar er òg ein viktig del av kunnskapsbygginga hos publikum.

**Det Norske Teatret samarbeider med Den kulturelle skolesekken,** og det har vore 10.105 skoleelevar på teaterverkstad, omvising og framsyninger som er valde ut særskilt for desse gruppene. Teateret har eit eige ungdomsprogram, Ungdomskortet, med 10.000 medlemmar

**Teateret har som mål å spegle Noreg i dag både på scenen og i salen.** Vi har ei eiga skodespelarutdanning på bachelornivå, Det Multinorske, som er retta mot studentar med familiebakgrunn utanfor Europa. Kull nummer tre startar i 2018. Med studentane, dei ferdig utdanna og anna rekruttering er det eit markant auka mangfald på scenane våre. Av 104 skodespelarar i arbeid på teateret ved årsskiftet 2017/18 hadde 24 ein annan bakgrunn enn etnisk norsk.

Eit anna rekrutteringstiltak er Den Mangfaldige Scenen, som teateret eig saman med BUL og Noregs Ungdomslag. Dette breiddetilbodet gir barn og unge med ulik bakgrunn høve til å møte og delta i scenekunst. Arbeidet til Den Mangfaldige Scenen styrker og fremjar forståinga for nynorsk mellom barn og unge, og bidreg til rekruttering av scenekunstnarar og auka interesse for teater i nye grupper og miljø.

**Det Norske Teatret skal «vise teaterstykke på norsk mål i bygd og by»** og samarbeider med andre norske institusjonar for å få til det. Vi har tett samarbeid med dei to andre nynorskteatera, Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater, og med

Sámi Našunálateáhter Beaivváš. Riksteatret turnerer jamleg med framsyningar frå oss, og vi har gjestespelt på ei lang rekke scenar i 2017. Teateret har ein ambisjon om å vere meir synleg internasjonalt, noko *Edda* er eit døme på at ein har lykkast med. Vi har fått ei lang rekke invitasjonar, og Edda besøkte Aarhus teater som ein del av deira markering av Europeisk kulturhovudstad 2017. Totalt såg 29 757 publikummarar ein DNT-produksjon på turné eller som gjestespel i 2017.

# Økonomisk utvikling

Teateret hadde som følgje av det store publikumsbesøket i 2017 rekordhøge billettinntekter på 58,2 millionar kr. Samla eigeninntekter var på 75 millionar kr, og til saman gir dette ein eigenfinansieringsgrad på 30,6 %. I tillegg til generelt høg aktivitet har det vore mange ulike samarbeid som har gitt inntekter, anten i form av produksjonstilskot eller ved deling av inntekter. Teateret har auka konferanse- og utleigeverksemda og har dessutan hatt auka inntekter frå godt besøk på alle typar servering i huset.

**Søndag er ein viktig speledag for teateret,** og etter ei avklaring i arbeidsretten våren 2017 er det no fastslått at teateret sin praksis for søndagsspeling ikkje er i strid med teatertariffen.

**Den høge aktiviteten har òg ført med seg eit auka kostnadsnivå.** Teateret har hatt mange tilsette i 2017, mellom anna 26 særskilt tilsette i *The Book of Mormon*. Teateret betaler òg for medarbeidarar som deltek i samarbeidsprosjekt, og får refundert kostnadene frå samarbeidspartnarane. Det er med på å drive opp både kostnader og inntekter.

Vidare har den generelt høge aktiviteten og gjennomføringa av *Edda* ført til auka produksjonskostnader. Kunstnarlege og økonomiske storsatsingar av eit slikt slag let seg berre gjennomføre i år med tryggleik for høge inntekter, og 2017 var eit år der det var mogeleg.

**Teateret har gjort fleire ekstraordinære investeringar i 2017 (sjå under).** Totalt utgjer investeringane 24,8 millionar kr. Det fører i sin tur til høgare avskrivingar enn tidlegare. Driftsresultatet var i 2017 på 1,4 millionar kr.

**Grunna balanseeffekten** av pensjonsendringane syner årsresultatet eit underskot på –7,1 millionar kr etter skatt. Opptent eigenkapital er etter dette negativ med –1,9 millionar kr. For å skape samanliknbare tal for framtida har vi endra rekneskapsoppsettet, og pensjonskostnadene knytte til den tidlegare ordninga er trekte ut av driftsresultatet. Tal for 2017 er ikkje direkte samanliknbare med tal for 2016.

# Pensjon

Pensjonsordninga blei lagt om til ein førebels innskotspensjon med verknad frå 1.7.2016. Dette blei avtalt i tariffoppgjeret for 2016, og alle arbeidstakarar har gått inn i den nye ordninga. Dei historiske rettane er handsama av KLP. I tillegg har arbeidstakarane over 60 år og andre med lang oppteningstid rett på særskilde kompensasjonar. Endringa inneber at teateret på lengre sikt får meir føreseielege kostnader til pensjon.

**Omlegginga av ordninga har fleire balanse- og kostnadsmessige effektar, også for 2017.** Heile estimatavviket er no balanseført, og dette fører til større svingingar i resultateffekten av den lukka ordninga i tråd med justeringar av NRS-parameterane.

**For å gi eit rettvist bilde av teaterdrifta er derfor effekten av endringar i den lukka pensjonsordninga synleggjord i rekneskapen som ein eigen post.** I 2017 er den direkte og indirekte resultateffekten av endringar i den lukka ordninga i alt på –9,4 millionar kr. Totalt fører det til at den opptente eigenkapitalen er redusert til –1,9 millionar kr pr. 31.12.2017. Den negative effekten pliktene i den lukka pensjonsordninga har, gjeld for heile scenekunst- og orkestersektoren. Mange av dei store institusjonane har pr. 31.12.2017 negativ eigenkapital som følgje av dette. I tilskotsbrevet til teateret slår Kulturdepartementet fast: «Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må gjenopprettast i løpet av eitt år. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når årsaka til rekneskapsunderskotet og/eller tap av eigenkapital heilt ut er ein følgje av endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det andre.»

# Sponsorar og gåver

Teateret har to positive og innsatsvillige sponsorar i OBOS og Aker BP. Avtalane blei fornya i 2015. OBOS har utvida sitt engasjement ved teateret, og har oppretta eit billettfond der skulane kan søkje om å få billettar betalte av OBOS. Teateret arbeider for å finne nye samarbeidspartnarar og sponsorar i tillegg til dei noverande.

**I samband med at teateret skulle skifte ut alle salstolane på Hovudscenen sommaren 2017,** vende vi oss til luteigarane og Vennelaget og bad om gåver. Med stor takk tok vi imot i alt 475 000 kr, og vi har søkt om gåveforsterking på 25 % av dette frå Kulturdepartementet si ordning.

# Skatt

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå desse verksemdene er skattepliktige.

**Det Norske Teatret har ein avtale med NOKO Utvikling AS om leige av utleigelokala.** For investeringar i desse areala er det gjort avskrivingar på 1 078 000 kr. Samla skattekostnad var på 613 000 kr i 2017.

# Bygg og utstyr

Det Norske Teatret har halde fram med vedlikehald og investeringar i tråd med tilstandsrapporten utarbeidd i 2010. Planen er oppdatert i 2017, og det er utført vedlikehald av heisar, ventilasjonsanlegg, våtrom, fasade o.a. Vidare er det gjort viktige oppgraderingar av teknisk utstyr, mellom anna fornyingar av lysutstyret på både Scene 3 og Hovudscenen.

**Det er gjort store investeringar i nye salstolar på Hovudscenen,** der 738 stolar er bytte ut med kopiar av dei originale stolane. I foajeen er publikumsfasilitetane forbetra, og sjølve det arkitektoniske uttrykket i foajeen er ført nærare det opphavlege. Resepsjonstenesta er flytt til billettluka, og opningstidene er utvida. Publikum har no fått tilgang til både billettsal og servering frå kl. 8.00 kvar morgon.

**Teateret har ambisiøse mål for å utvikle bygget og drive kontinuerleg vedlikehald,** slik at huset er ein god arbeidsplass og ein attraktiv arena for publikum. I 2018 skal det utarbeidast ny tilstandsrapport som vil vise behovet for, og omfanget av, vedlikehaldsarbeidet dei kommande åra. Totalt blei det i 2017 gjort investeringar for 24,8 millionar kr og vedlikehald for kr 3,1 millionar kr.

# Leiing, organisasjon, likestilling

Leiinga ved teateret har heile tida søkelys på likestilling. Fordelinga av dei 225 fast tilsette og åremålstilsette er 113 menn og 112 kvinner. Det er 9 menn og 23 kvinner som arbeider deltid. Til saman utgjer dette 207,6 årsverk i 2017, ein auke på om lag 6 årsverk frå 2016. I leiargruppa er det 4 menn og 4 kvinner, og det er 7 mannlege og 7 kvinnelege mellomleiarar. Nokre avdelingar er typisk manns- og/eller kvinnedominerte. Vi ser ei større interesse blant kvinner for mannsdominerte yrke, som til dømes snikkaryrket. Blant menn er det dessverre ikkje like stor interesse for kvinnedominerte yrke. Gjennomsnittslønna er om lag lik for begge kjønn.

# Arbeidsmiljø

Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret er godt, og det blir halde jamlege tillitsvald-møte. Arbeidsmiljøutvalet har hatt fire møte, og i 2017 har det vore gjennomført obligatorisk kursing av AMU-deltakarane.

**Sjukefråværet i 2017 var på 3,4 %** (3,5 % i 2016). Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsulykker i 2017.

**Som følgje av #metoo-kampanjen** mot seksuell trakassering hausten 2017 har det også i teateret vore særskild merksemd knytt til arbeid med å førebygge seksuell trakassering og uønskt seksuell merksemd. Vi har hatt både allmøte og møte med dei tillitsvalde om temaet. Det er eit godt samarbeid med dei tillitsvalde om ulike førebyggande tiltak, mellom anna utvikling av eigne etiske retningsliner. Teateret har frå før varslingsrutinar, og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle. Teateret har motteke varsel om ei sak i 2017, og har følgt opp denne.

# Funksjonshemma

Teateret har ordningar for gratisbillettar for følgje til funksjonshemma. Vi tilbyr høyrehjelp for høyrslehemma. Bygget er generelt godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging arbeider vi for å styrke denne utforminga ytterlegare. Fleire av framsyningane har vore teiknspråktolka i samarbeid med teaterutvalet i Norges Døveforbund.

# Risikofaktorar/risikostyring

Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinane blir regelmessig evaluerte og forbetra.

**Økonomisk risikovurdering blir følgd opp årleg saman med revisor.** Dei viktigaste eksterne risikofaktorane er svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønnsoppgjeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Med omlegging til repertoarspel er risikoen for billettsvikt teken noko ned, i og med at ein no kan programmere om ved salssvikt på enkeltoppsetjingar.

# Likviditet

Ved utgangen av 2017 var likviditetsbehaldninga 22,4 millionar kr mot 21,2 millionar kr i 2016. Hovudgrunnen til auken og det generelt høge nivået er gode billettinntekter.

**Det store avviket** mellom netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar og driftsresultat kjem i vesentleg grad av det høge førehandssalet av billettar til framsyningar i 2018. Inntekter blir resultatførte først etter at kvar einskild framsyning er spelt.

# Finansiell risiko

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer til kvar tid aktivt vilkåra for val av bank, og har ut frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kredittbehov bytt bank til DNB i 2016. Teateret har også leasingavtalar gjennom bank.

# Kredittrisiko

Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Kredittrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalt billettsal.

# Miljø

Verksemda forureinar i liten grad det ytre miljøet. Dei beste miljøvinstane ved teateret ligg i reduksjon av energiforbruket. Overgang til LED-lys på scene og aktivitetsbasert ventilasjonsstyring er viktige tiltak for energisparing.

# Vidare drift

Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagde til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gir eit rett bilete av resultat og stilling per 31.12.2017. Verksemda er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling, og det har ikkje vore vesentlege hendingar etter balansedagen som ikkje er reflekterte i årsrekneskapen.

# Teatersjefen sitt åremål

Åremålet til teatersjef Erik Ulfsby går ut i 2020. Etter ein prosess internt ved teateret hausten 2017 vedtok styret samrøystes å gi Erik Ulfsby eit nytt åremål frå 2020 til 2025.

# Framtidsutsikter

Teateret står kunstnarleg sterkt og har oppnådd eit stabilt høgt publikumsbesøk dei seinare åra. Sjølve teaterbygget er no utnytta så langt råd er for eit repertoarteater, og teateret må søke nye framsyningsstader eller tidspunkt om ein skal vekse meir.

**På kostnadssida vil teateret over tid sjå effekt av omlegging til innskotspensjon,** og kostnadene til pensjon vil på lang sikt vere meir føreseielege. Samstundes er bygningsmassen til Det Norske Teatret no 32 år gamal, og behov for vedlikehald og nye investeringar vil auke på.

**Det såkalla effektiviseringskuttet i løyvingane** gjennomm dei siste fire åra gjer at lønns- og prisauken ikkje har blitt full kompensert. Det utfordrar grunnlaget for sjølve drifta ved teateret, og gir trongare rammer for verksemda.

**På den positive sida ser det nye,** høge inntektsnivået ut til å stabilisere seg. Det vil gi oss handlingsrom til ei meir ekspansiv kunstnarleg verksemd, med høve til å ta høg kunstnarleg risiko.

Oslo, 15.03.2018
i styret for L/L Det Norske Teatret

**Nina Refseth**
Styreleiar

**Steinulf Tungesvik**
Nestleiar

**Inger Lise Aarrestad Rettedal**

**Shahzad Rana**

**Magni Hjertenes Flyum**

**Finn Kirkeby**

**Ola E. Bø**

**Åse Ryvarden**
Direktør

**Erik Ulfsby**
Dagleg leiar

# Styret

Styret har halde seks møte i 2017, der det blei teke opp 48 saker. Styret deltok i eit allmøte i desember og trefte dei tilsette. I styremøtet i august gjennomførte styremedlemmane ei evaluering av styrearbeidet. Styret vil takke tilsette og leiinga for godt arbeid, og takke sponsorar og samarbeidspartnarar for god støtte og godt samarbeid i året som er gått.

# RESULTATREKNESKAP

(tal i NOK 1000)

| | *Note* | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER:** | | | |
| Eigne inntekter | *1* | 74 995 | 54 095 |
| Tilskot | *2* | 171 895 | 166 899 |
| **Sum driftsinntekter** | | **246 890** | **220 994** |
| | | | |
| **DRIFTSKOSTNADER:** | | | |
| Varekjøp | | 11 504 | 6 840 |
| Kostnad v/arbeidskraft | *3* | 171 025 | 154 374 |
| Avskrivingar teaterbygg | *5* | 1 073 | 1 073 |
| Ordinære avskrivingar | *6A,6B* | 13 381 | 11 621 |
| Andre driftskostnader | *4* | 48 526 | 42 943 |
| **Sum driftskostnader** | | **245 511** | **216 851** |
| | | | |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **1 380** | **4 143** |
| | | | |
| **PENSJON:** | | | |
| KLP Pensjon – lukka ordning | *10* | 6 653 | -22 556 |
